


Farskap og foreldrepermisjon

Ei kulturvitskapleg studie av det å vere småbarnsfar

Av

Silje Jeanette Nautvik Stavdal



Masteroppgåve i kulturvitskap

Universitetet i Bergen

Det humanistiske fakultet

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Våren 2016

Forord

Bakgrunnen for mitt val av tema er interesse for korleis ein tenkjer om kjønn og kva innverknad dette har på individet sin kvardag og dei vala som blir tatt. Dette gjorde meg nyfiken på korleis det blir opplevd å vere far i dag. Sidan det stadig er endringar i fedrekvota og annan foreldrepermisjon, syntest eg det ville vere interessant å få innsyn i korleis fedrar føreheld seg til temaet.

Det har vore ein interessant, lærerik og krevjande prosess å arbeide med dette temaet, og det gir ein spesiell kjensle å skulle seie seg ferdig med oppgåva og dermed setje punktum for arbeidet.

Først og fremst vil eg rette ein stor takk til alle fedrane som eg fekk intervju i samband med oppgåva. Takk for at de tok dykk tid til å fortelje om dykker liv som fedrar, og for den openheita de viste under intervjuet. Det hadde ikkje vore mogleg å gjennomføre dette forskingsprosjektet utan dykk.

Eg ønskjer vidare å rette ein spesiell takk til min rettleiar Tove Ingebjørg Fjell. Takk for gode teoretiske innspel undervegs i dette prosjektet. Du har vore tolmodig og motiverande.

Eg vil takke venar og familie for støtta, tolmodet og oppmuntringa de har vist meg gjennom arbeidet med masteroppgåva. Eg vil også takke mine medstudentar for ei fin tid saman.

Bergen, mai 2016.

Silje Jeanette Nautvik Stavdal

Summary

This last decade, father's rights and obligations concerning the care of children have been the main focus in the development of Norway's family policies. In relation to the present's focus on fatherhood, this thesis examines how fathers of young children narrate about being a father. More specifically, this thesis examines how fathers of young children interpret fatherhood and also which factors influences their use of parental leave. This study is based on seven qualitative interviews that I have conducted with fathers of young children.

Innhaldsliste

Forord	2
Summary.....	3
Innhaldsliste	4
Kapittel 1: Innleiing.....	7
Innleiing	7
Forståinga av farskap i Noreg dei siste 150 åra	8
Presentasjon av foreldrepermisjonsordninga	13
Teoretiske perspektiv og sentrale omgrep.....	16
Sentrale omgrep	16
Raewyn Connell sin maskulinitetsteori.....	17
Tidlegare forsking.....	20
Strukturen i oppgåva.....	24
Kapittel 2: Metodisk tilnærming	26
Metodiske framgangsmåtar	26
Det kvalitative forskingsintervju	26
Utvål	27
Informantutval	29

Kriterium for informantutvalet	30
Det endelige utvalet av informantar.....	31
Gjennomføring av intervjua	33
Forskingsetiske vurderinger.....	35
Utfordringar med utvalsmetoden.....	35
Informert og fritt samtykke	36
Omsynet til tredjepart.....	37
Avidentifisering og transkribering	38
Kapittel 3: Å bli far.....	41
Førebuing.....	41
Opplevinga av overgangen.....	44
Refleksjonar over den nye rolla.....	46
Oppsummering.....	51
Kapittel 4: Korleis foreldrepermisjonen har blitt nytta.....	52
Ønskjer om å vere deltakande fedrar under småbarnstida	54
Yrkessituasjonen sin innverknad	56
Oppsummering.....	61
Kapittel 5: Å vere far.....	64
Oppteken av likskap som foreldre	64
«Du kan aldri bli kaptein på laget».....	68

«Eg føler meg som den andre omsorgspersonen veldig lenge».....	69
«Eg stangar mot eit glastak».....	70
Oppsummering.....	72
Kapittel 6: Avslutning	74
Oppsummering.....	74
Litteraturliste	77
Appendiks 1: Informasjonsbrev	80
Appendiks 2: Intervjuguide	82
Appendiks 3: Følgjebrev	85

Kapittel 1: Innleiing

Innleiing

Eg har lenge vore interessert i korleis ein tenkjer om kjønn og kva innverknad dette har på individet sin kvardag og handlingsrom, og valte difor å skrive om korleis det blir opplevd å vere far i dag. Det siste tiåret har *fedrane* sine rettigheitar og pliktar til omsorg for barn vore det viktigaste fokuset i utviklinga av familiepolitikken i Noreg (Brandth og Kvande 2013b: 15). I samband med dette ønska eg å også undersøke kor vidt og korleis fedrar vel å nytte foreldrepermisjonen.

Innanfor kulturvitenskapen kjem dette temaet inn under korleis ein skapar og tenkjer om familie og familielasjonar i vår eiga samtid. Eg vil få fram kva kulturelle førestillingar fedrar har om farskap, samt korleis dei forstår seg sjølve som fedrar. Formålet med denne oppgåva er å undersøke korleis småbarnsfedrar tenkjer om foreldreskap generelt og farskap spesielt, og om korleis foreldreskap blir praktisert. Eg søker å forstå korleis fedrar tenkjar om seg sjølve som fedrar, og kva dei vektlegg i farskapet. Eg vil ta for meg kva førestillingar om kjønn som kan ligge til grunn for korleis menn tenkjer om dette. Eg ønskjer med dette å få eit innsyn i kva betyding dette har for praktisering og opplevd handlingsrom rundt farskapet og bruk av fedrekvota. Eg vil også undersøkje korleis småbarnsfedrane har valt med omsyn til bruk av fedrekvota og foreldrepermisjonen, kva faktorar som har lagt føringar for desse vala og korleis dei reflekterer rundt dei.

Eg vil også ta for meg situasjonen sin betyding for korleis småbarnsfedrar tenkjer om, og praktiserer foreldreskap, og korleis småbarnsfedrar i ulike situasjonar skil seg i oppfatning og praktisering av foreldreskap. Eg vil undersøke kva handlingsrom ulike småbarnsfedrar opplever at dei har, med tanke på praktisering av foreldreskap, og bruk av fedrekvota og andre permisjonsordningar.

Innføringa av ei eiga fedrekvote for fedrar hadde som målsetjing å styrke far sin plass i barnet sitt liv (Brandth & Kvande 2013b: 14). Utvidingane av fedrekvota har ført til at dei fleste fedrar tek ut stadig lengre permisjon, og med utvidingane i 2005, 2006 og 2009 var

mønsteret at dei tok ut akkurat den kvota dei var tildelt (Fougner 2012 i Brandth og Kvande 2013b: 14). Det har blitt eit sjølvfølgje å ta permisjon frå arbeidet i form av fedrekvote, og fedrar trenger ikkje å rettferdiggjere at dei tek kvota, korkje overfor arbeidslivet eller seg sjølve (Brandth og Kvande 2013b: 14). Sjølv om fedrekvota er øyremerka og ikkje mogleg å overføre til mor, så blir den opplevd som ei moglegheit. Det har skjedd ei endring i det normative grunnlaget for god farspraksis, og det har blitt sjølvsagt å vere heime på permisjon (Brandth og Kvande, 2003, 2013b). Eg vil difor undersøke korleis småbarnsfedrar i dag tenkjer om farskap, og korleis dei stillar seg til fedrekvota og foreldrepermisjonen.

Noko av det som kjenneteiknar kulturvitenskaplege undersøkingar er at ein nyttar kvalitativt orienterte metodar. I masteroppgåva har eg valt å nytte kvalitative forskingsintervju, og empirien i oppgåva er basert på informantane sine forteljingar om deira livsverd. Eg har avgrensa studien til å gjelde fedrar som har minst eitt år i alderen fram til seks år.

Eg vil ta utgangspunkt i følgjande hovudproblemstilling: Korleis oppfattar heteroseksuelle fedrar sitt farskap? Korleis stiller dei seg til fedrekvota og annan foreldrepermisjon, og kva faktorar legg føringar for om, korleis og kor lenge dei vel å bruke den? I kvart av kapitla vil eg arbeide med følgjande underproblemstillingar: Kva oppfatningar av farskap kjem fram i mennene sine forteljingar om å bli far? Kva har innverknad når det gjeld fedrar sin bruk av foreldrepermisjonen? På kva måte kan ein sjå fedrar sin bruk av foreldrepermisjonen i lys av ideal om farskap? På kva måte har kjønn innverknad for korleis foreldreskap blir praktisert og forstått? Korleis forstår mennene si foreldrerolle samanlikna med andre omsorgspersonar i barnet deira sitt liv?

Forståinga av farskap i Noreg dei siste 150 åra

I boka *Fra farskapets historie i Norge 1850-2012* (2012) tek kjønnsforskar og litteraturvitar Jørgen Lorentzen opp spørsmål om kva ein far er, korleis norske fedrar har endra forholdet til borna sine dei siste 150 åra, og korleis haldningane til farskap har utvikla seg (Lorentzen 2012). Lorentzen gir ei brei idéhistorisk og diskursiv framstilling

av kva plass faren har hatt i samfunnet og i familien, og endringar i skildringar og førestillingar om farskap i norsk og nordisk historie frå 1850 til 2012 (Lorentzen 2012: 12-14). Han er hovudsakleg ute etter forståinga av farskap, korleis farskap vart skrive om, og kva det kan fortelje oss om endringar i tenkinga si ved knytt til farskap. Dette gjer boka relevant for oppgåva mi, då den gir ein historisk kontekst som ein kan sjå notidas forståingar av farskap i lys av. Vidare kjem det difor ein presentasjon av sentrale element ved forståinga av farskap dei siste 150 åra.

Lorentzen deler denne perioden av farskapets historie inn i tre delar basert på to viktige brot eller endringar i farens betydning og posisjon i familien (Lorentzen 2012: 10). Begge desse brota skjer over lang tid, men denne endringa blir symbolisert gjennom å velje to vesentlege årstal for endringa, nemleg 1927 og 1970.

1850-1927 er den første perioden, og representerer ei periode då fedrane stort sett var heime (Lorentzen 2012: 11). Menn hadde det overordna ansvaret og makta over både barn og familie, og mange menn deltok ved fødslane av barna sine. Dei fleste hadde framleis sitt virke i jordbruksfamilien. Der var det eit arbeidsfellesskap innanfor gitte system med arbeidsdeling mellom ektefolka. Moderniseringa og profesjonaliseringa var ikkje kome lenger enn at det framleis var stor nærleik mellom heim og arbeid blant borgarskapet, og betydinga av farens plass i heimen vart underbygd av mesteparten av den oppbyggelege litteraturen om heim og familie. Farens plass i familien blir gradvis svekka i byrjinga av 1900-talet. Gjennom framveksten av eit meir moderne samfunn basert på urbanisering, institusjonalisering og profesjonalisering kan ein i ein forstand seie at fedrane nærmast vart systematisk «forvist» frå heimen utover på 1900-talet. Dette samfunnet skapte ei klar splitting mellom det offentlege (mannlege) og det private (kvinnelege). Husmora vart dyrka og idealisert, noko som gjorde at faren nærmast mista si betydning i familien i denne perioden. Meininga med heimen vart stadig mindre kommunisert om og til fedrar. Dette kom som følge av kombinasjonen av ei aukande komplementær kjønnsrolletenkning, der ektefellane var tenkt å utfylle kvarandre gjennom å ha forskjellige roller i ekteskapet og familien, og ei aukande idealisering av mora og husmora. Denne modellen vart på mange måtar institusjonalisert med ekteskapsreforma av 1927.

I 1927 byrjar den andre perioden (Lorentzen 2012: 11). På mange måtar gjekk tida frå 1927 og framover til slutten av 1960-talet ut på politisk og ideologisk å utvikle og reproduusere ein familiemodell der far var forsørgjar av familien, medan mor tok for seg omsorgsarbeid med sin arbeidsplass i heimen. I løpet av 1960-talet blir denne kjønnsarbeidsdelinga i aukande grad kritisert, og husmora si tidsalder var på mange måtar over frå og med den første kvinneorganiseringa i 1970. Kvinneopprøret betydde også nye moglegheiter for far, og Lorentzen byrjar difor si tredje og siste periode i året 1970, då far gradvis får ein viktigare posisjon i familien.

Lorentzen studerer det han omtalar som farskapet sin doble rolle i familien – faren sin rollefunksjon versus hans intimitetsrelasjon (Lorentzen 2012: 11-12). Mora har frå og med andre halvdel av 1800-talet stort sett vore bestemt gjennom sin intimitetsrelasjon til barna, og har dermed vore mor i familien. Faren har derimot *både* vore «far *for* familien» og »far *i* familien». Lorentzen meiner med desse to omgrepa å seie at når far er *for* familien, noko som er gjennomgående for heile den historiske perioden han skriv om, så er han det i ei rolle som forsørgjar av familien. Når far er *i* familien, er han deltagande også som ein nærverande omsorgsperson for barna. Perioden 1927 til 1970 er ei periode då far ikkje vart sett på som ein far *i* familien, og er dermed ein stor parentes i historia om familien. Intimitetsrelasjonen til far vart justert ned og gjort ubetydeleg. I husmora sin tidsalder var det ho som skulle ta seg av intimitetsarbeidet. Gjennom boka viser Lorentzen at faren faktisk var *i* familien både i perioden før 1927 og i perioden etter 1970. Faren hadde mellom anna ein tydelegare intimitetsrelasjon til borna på 1800-talet.

Over desse vel 150 åra av farskapet si historie trekker Lorentzen fram to vesentlege dimensjonar som har spelt med (Lorentzen 2012: 168). Den eine handlar om makt og avgjerdstaking i familien. Den andre handlar om arbeidsdelinga i heimen og i omsorga for barna. Ein har tre periodar i farskapshistoria dersom ein tenkjer desse to dimensjonane saman. Den første perioden er kjenneteikna av å vere eit tydeleg og uomtvistet patriarkat der mennene hadde all formell makt, men der både den økonomiske og den hushaldsmessige delen av arbeidet var noko både mora og faren deltok i, og der dei delte omsorga og nærleiken med barna basert på ei blanding av kjønnsbestemt og praktisk arbeidsdeling. I den andre perioden er makta i familien formelt sett likedelt gjennom den

nye ekteskapslova, men arbeidsdeling er radikalt splitta opp ved at far er økonomisk ansvarleg som forsørgjar for familien, medan mor er ansvarleg for familien og heimens ve og vel – i familien. Barna er no blitt hovudansvaret til mor. I den tredje perioden har det skjedd ei gradvis endring mot at makta og avgjerdstakinga i familien både formelt og reelt er blitt likare delt mellom mor og far. Arbeidsdelinga og omsorga for barna er utjamna ved at både mor og far er økonomiske forsørgjarar og omsorgspersonar for eigne barn. Dei er begge to både for familien og i familien.

Kvinner etter 1970 har fått eit utvida moglegheitsrom gjennom å kunne velje friare mellom familie, utdanning og arbeid (Jensen 2006, referert i Lorentzen 2012: 168). Omgrepet «utvida moglegheitsrom» er også ganske presist når det gjeld det som har skjedd for mennene sin del etter 1970 (Lorentzen 2012: 168-169). Familielivet er opna opp for mannleg deltaking på ein heilt annan måte enn før 1970, slik at også mennene kan velje friare i forholdet mellom familie og arbeid. Ei endra arbeidsdeling inneber i dette tilfellet ei utflating av den kjønnsbestemte arbeidsdelinga, slik at dermed både kvinner og menn har eit utvida moglegheitsrom. Ein kan i éin forstand realisere seg sjølv på fleire områder, og slik gjere livet rikare gjennom både utbytte i arbeidslivet og eventuell karriere og gjennom å knyte relasjonar til barna sine. Forsking har vist at eit slikt utvida moglegheitsrom med større moglegheiter for sjølvrealisering fremjar livskvaliteten for både kvinner og menn – og for barna.

Lorentzen hevdar ut frå sitt materiale at dette moglegheitsrommet ein ser i perioden etter 1970, for fedrane sin del er likare den situasjonen som var på 1800-talet enn på midten av 1950-talet (Lorentzen 2012: 169). Difor er det også naudsynt å sjå på endringane i makt- og avgjerdssfeltet for å få med seg heile endringsprosessen. Den nye ekteskapslova av 1927 hadde ei avgjerande tyding, og det er ein kontinuitet mellom midtpersonen og perioden etter 1970, når det gjelder ein felles makt og avgjerdstaking mellom mor og far. Spesielt i tida etter krigen blir det understreka at alle store avgjersler i familien skal bli tatt i fellesskap.

Dette opnar teoretisk sett opp for to forskjellige likestillingsomgrep (Lorentzen 2012: 169). Det eine handlar om arbeidsdeling, og det andre handlar om makt og avgjerd. Desse

likestillingsomgrepa er ikkje nødvendigvis uavhengige av kvarandre, men vil kunne ha innverknad på kvarandre. Til dømes vil sannsynlegvis det at kvinner har utvida sitt moglegheitsrom til også å bli økonomiske forsørgjarar ha innverknad på deira oppleving av å vere likeverdige når det gjelder makt og avgjærder. Men kvinner som ikkje har eit eige inntektsgjevande arbeid, treng heller ikkje vere makt- og avgjerdsmessig underlegne. Dette var poenget med ekteskapslova. Likevel, dersom systemet blir knytt til bestemte kjønn, ligg det ei potensiell avgrensing i det: Blir arbeidsdelinga slik at ho kun er absolutt øyremerket det eine kjønnet, så ligg det ei innskrenking av moglegheitsrommet for det andre kjønnet. For fedrar på midten av 1900-talet var dette openbart tilfellet. Dermed vil ei slik avgrensing virke innskrenkande på livskvaliteten. Dersom arbeidsdelinga er uavhengig av kjønn, kan det tenkjast at den likestilte avgjerdsforma gir ein opplevd likestilling i familien. Dette er noko som kjem tydeleg fram i delar av Lorentzen sitt materiale frå midten av 1950-talet.

I det far blir viktigare *i familien* i perioden etter 1970, blir sosial energi flytta over til familien (Lorentzen 2012: 170). Dette tyder at når familien blir eit domene for både far og mor, aukar betydinga av familien i offentlegheita. Familien har fått auka offentlegheitsstatus i den siste perioden, og Lorentzen kan på fleire måtar sjå likskapar mellom korleis familien vart idyllisert som den eigentlege og beste stad å vere på 1800-talet, og dagens kontinuerlege diskursive produksjon i media og i offentlegheit av og om familielivet og meininga med livet for både mor og far. Familien er igjen blitt heimstaden for begge kjønn.

Medan 1800-talets diskurs om det heimlege og familiære er prega av ein hyllest til det heimlege, er notidas familie omgjevne av ein annan språkleg røyndom, og familien blir omgjort til eit moderne prosjektarbeid (Lorentzen 2012: 171). Alle familiens medlemmar inngår i dette prosjektet, og saman skal dei planleggje aktivitetar, forbetra fritida og delta i realiseringa av det familiære prosjektet. Mor og far har blitt like viktige som foreldre, og det er som foreldre dei foreinast i familieprosjektet. Denne fellesskapstenkinga er ein annan måte å delta i familielivet på enn midten av 1900-talets kjønnsdualistiske familieorganiseringa der far både følte seg og var utanfor i stor grad. Det viktigaste brotet i vår tid når det gjelder far består dermed i både at han har kompetanse og vilje til å delta

i familieprosjektet på lik linje med mor, og at makta er utjamna mellom far og mor samanlikna med 1800-talets patriarkske maktmodell, uansett kor mykje heimleg idyll det den gang var snakka om.

Presentasjon av foreldrepermisjonsordninga

Ettersom eg vil undersøke korleis småbarnsfedrar nyttar fedrekvota og foreldrepermisjonen, samt kva som har innverknad på dette, vil eg i det følgjande greie ut om lovverket rundt foreldrepermisjonsordninga, og sentrale trekk ved den. På denne måten ønskjer eg å danne ei forståingsramme rundt den situasjonen småbarnsfedrar er i når dei eventuelt skal ta desse vala.

Foreldrepermisjon tyder rett til midlertidig fri frå arbeidet etter ein fødsel, og han gir foreldre foreldrepengar, altså økonomisk kompensasjon (opptil eit maksimumbeløp) for det inntektstapet permisjonen medfører (Brandth & Kvande 2013b: 15). Eit viktig element i permisjonsordninga er at mødrer og fedrar tener opp retten til permisjon gjennom si deltaking i arbeidslivet og ved å betale skatt av inntekta. Mødrer og fedrar må ha vore i arbeid seks av dei ti siste månadane før fødselen for å få rett til permisjon. Det finnast i tillegg til foreldrepermisjonen også ein to-vekers velferdspermisjon for fedrar, den såkalla pappapermisjonen. Lønskompensasjonen for pappapermisjonen blir ikkje betalt over Folketrygda, men av arbeidsgjevarane, avhengig av avtalar mellom partane i arbeidslivet.

Foreldrepermisjonen består av forskjellelege delar (Brandth & Kvande 2013b: 15). Mødrer og fedrar har sine eigne, individuelle delar av permisjonstida like fullt som ein felles periode dei kan dele mellom seg sjølv etter eigne ønskjer. I 2013 var den totale lengda på permisjonen 49 veker med 100 prosent lønskompensasjon eller 59 veker med 80 prosent lønskompensasjon. Då hadde mødrer og fedrar med rett til permisjon 14 veker kvar med individuell, ikkje-overførbar permisjon (kvoter). Resten av permisjonen, 18 veker med 100 prosent lønskompensasjon eller 28 veker med 80 prosent lønskompensasjon, var til fri fordeling mellom mor og far.

Noreg var det første landet i verda som innførte ein omsorgspermisjon som var reservert for fedrar, nemleg fedrekvota (Brandth & Kvande 2013b: 13-16). Fedrekvota vart innført i 1993 under Gro Harlem Brundtland si tredje regjering, og var då fire veker. Fedrekvota, og annan foreldrepermisjon for fedrar, vart innført med målsetjing om å styrke relasjonen mellom far og barn. Intensjonen var i tillegg å bidra til auka likestilling mellom mor og far i arbeidslivet og i omsorgsarbeidet. Den var sett på som å vere ein fordel for mødrene, barna og fedrane sjølv.

Etter tolv år byrja det å skje endringar i storleiken på fedrekvota (Brandth & Kvande 2013b: 16). I 2005 og 2006 vart den utvida med éi veke i begge åra, i 2009 vart den utvida til ti veker, og i 2011 til tolv veker. Mor si kvote var seks veker frå 1993 og fram til 2013, då mor fekk ei tilsvarande kvote som far. Samstundes som fedrekvota er blitt forlenga og mødrekvota innført, er den felles, delbare permisjonen blitt redusert. Gjennom å gi mor og far det same talet på reserverte veker, likestiller regelverket foreldra i større grad. Fedrekvote og morskvote betyr at dei kvoterte vekene må bli tatt av dei respektive foreldra, elles fell dei vekk. Dette har ikkje noko praktisk innverknad for mødrene, ettersom svært få mødrer tek færre enn 14 veker. Ein kvotert permisjon har likevel hatt stor innverknad på fedrane sin praksis. Fedrekvota sin suksess kan i vesentleg grad forklarast av øyremerkingsa, det at kvota ikkje kan overførast til mor (Brandth & Kvande, 2013b, 2003). Som følgje av at fedrekvota er lovbestemt slepp fedrar i prinsippet å forhandle med arbeidsgjevar individuelt for å ta ut permisjon.

Frå og med 1. juli 2014 vart både fars og mors individuelle del av permisjonstida redusert med fire veker, slik at dei per dags dato er 20 veker (Nav 2016b). Den totale lengda på permisjonen er den same som ved den førre permisjonsordninga, slik at den felles, delbare perioden vart 26 veker med 100 prosent lønskompensasjon eller 36 veker med 80 prosent lønskompensasjon.

Fram til 2010 hadde ikkje far rett til fedrekvote dersom mor jobba mindre enn 50 prosent stilling (Brandth & Kvande 2013b: 17). Men retten til permisjon er dei siste åra blitt utvida til å gjelde stadig fleire grupper av foreldre. Regelverket er likevel ganske komplisert på dette punktet. Til dømes er retten til fedrekvote avhengig av begge foreldra

sin yrkesaktivitet *før* fødselen. Foreldre som står utanfor arbeidslivet har då ikkje rett til foreldrepengar fordi begge må ha opptent rettigheitar gjennom yrkesaktivitet. Det inneber igjen at far ikkje har ein heilt sjølvstendig rett til fedrekvote. Fars rett til den delbare foreldrepermisjonen er avhengig av kva foreldra gjer *etter* fødselen. Det inneber at far kan ta foreldrepermisjon sjølv om mor ikkje har vore yrkesaktiv på førehand og tent opp rett til betalt permisjon. Føresetnaden er eit aktivitetskrav om at mor går ut i arbeid eller utdanning medan far tek foreldrepermisjonen. Rasjonalen bak denne måten å utforme rettigheitene på er at foreldrepengar skal erstatte tapt arbeidsinntekt, og at velferdsstaten ikkje skal betale for dobbeltomsorg. Dette prinsippet er likevel ikkje heilt gjennomført for fedrekvota sin del ettersom regelverket tillåt at mor er heime samstundes med opptil 50 prosent permisjon. Den totale permisjonstida blir likevel kortare i slike tilfelle.

Då fedrekvota vart innført, var det mange mødrer som ikkje var klare for å gå tilbake i heildagsarbeid i løpet av det første året etter fødselen, og som difor ønska å vere lengre heime, til dømes medan dei venta på barnehageplass (Vollset 2011, referert i Brandth & Kvande 2013b: 17). Alternativa for desse foreldra var anten å ikkje nytte fedrekvota eller gå tilbake på jobb den eine månaden fedrekvota varte, noko som var ei upraktisk løysing. Lova vart difor endra allereie året etter, slik at ho tillåt begge foreldra å vere heime samstundes. At mor er heime samstundes som far tek fedrekvote, er funne å avgrense hans moglegheit til å utvikle omsorgskompetanse (Brandth & Kvande 2003b, referert i Brandth & Kvande 2013b: 17).

Ei anna viktig endring i fedrekvota er utviklinga mot større fleksibilitet (Brandth & Kvande 2013b: 17). Permisjonsordningane har blitt stempla som lite valfri på grunn av at kvotene som regel ikkje kan overførast mellom foreldra. Men valmogleheter innebygd i ordninga har ein fleksibilitet som gjer at den kan bli tilpassa far og familien sine ønskjer.

Avgjerda om kven som skulle ta permisjon vart med fedrekvota flytta ut av familien og til det strukturelle nivået til å gjelde for «alle» fedrar (Brandth & Kvande 2013b: 18-19). Mor og far måtte dermed ikkje forhandle seg imellom om kven som skulle ta permisjon og ha omsorg for barnet. Fedrekvota vart ei forhandsforhandla rettigheit for menn også

med omsyn til arbeidet, og gjorde det unødvendig å forhandle med arbeidsgjeveren for å ta fedrekvote.

Teoretiske perspektiv og sentrale omgrep

I det følgjande vil eg ta for meg sentrale omgrep som vil bli nytta i oppgåva. Vidare vil eg presentere Raewyn Connell sin maskulinitetsteori som vil bli nytta som teoretisk rammeverk i analysane.

Sentrale omgrep

Forskinga på menn *kjønnar menn* ifølgje Jørgen Lorentzen (2009:121-122). Dette inneber at menn blir forstått som kjønna vesen som inngår i eit kulturelt bestemt kjønnssystem. Analytisk sett må ein skilje mellom maskulinitet og femininitet på den eine sida og menn og kvinner på den andre. Maskulinitet og femininitet er delvis kulturelle førestillingar og delvis analytiske omgrep om kjønn, medan menn og kvinner er faktiske storleikar.

Maskulinitet må omtalast i fleirtal, som *maskulinitetar*, for slik å markere menns ulikskap og moglege interessekonfliktar (Lorentzen 2009: 126). I forståinga av maskulinitetar må ein teoretisk sett ta omsyn til variablar som omhandlar at maskuliniteten (på same måte som kjønn generelt) varierer; mellom kulturar, over tid i same kultur, gjennom eit menneske sin livstid, og innanfor i ein kultur på same tid. Maskulinitet er eit relasjonelt omgrep, og kan i prinsippet nyttast uavhengig av kjønn.

Maskulinitet er eit analytisk omgrep for å få ei betre forståing av kjønna praksisar og kjønna system, og særskilt for å kunne gripe dei posisjonane menn har innanfor desse (Lorentzen 2009: 128). Det er også viktig å nytte maskulinitetar som eit omgrep om institusjonelle praksisar og kulturelle former og ikkje som enkeltindivid sin spesifikke identitet eller psykologiske disposisjon. Viss ikkje risikerer ein å stadfeste kjønnsstereotypiar meir enn å problematisere dei.

Raewyn Connell sin maskulinitetsteori

Eg vil nytte maskulinitetsteorien til den australske kjønnsforskaren og sosiologen Raewyn Connell som teoretisk rammeverk i analysane. Premissen for maskulinitetsteorien hennar er at vi lever i eit patriarkat der menn strukturelt har meir kulturell og økonomisk makt enn kvinner (Langeland 2008: 292). Denne måten å organisere samfunnet på blir kalla ein kjønnsorden. Eksistensen til denne strukturen blir forklart ved å vise til historiske, kulturelle og samfunnsmessige prosessar i det vestlege samfunnet.

Maskulinitet og feminitet er relasjonelt konstruert i vår kultur (Langeland 2008: 292). Maskulinitet er ein prosess som bidreg til å posisjonere menn i eit motsetnadsforhold til kvinner, og vil ut frå ein slik tankegang berre eksistere innanfor eit kjønnssystem av den typen vårt samfunn har.

Connell opererer med fire maskulinitetsformer, som på eit strukturelt nivå inngår i eit makthierarki: *hegemonisk maskulinitet*, *underordna maskulinitet*, *marginalisert maskulinitet* og *medverkande maskulinitet* (Langeland 2008: 294; Connell 2005: 76-81).

Når det gjelder den hegemoniske maskulinitetsforma, så viser hegemoniomgrepet til den sosiale makta som bestemmer eit samfunn sin ideologi og tenking (Langeland 2008: 293; Connell 2005: 76-77). Makta blir hovudsakleg etablert på eit symbolsk nivå. Heile tida er ei form for maskulinitet heller enn andre kulturelt opphøgd. Dette er den maskulinitetsposisjonen som på eit gitt tidspunkt reknast som den mest idealiserte maskulinitet. Det er berre nokre få menn som statistisk sett kan kroppsleggjere eit slik ideal, sjølv om mange vil oppnå privileger ved å forsøke. Hegemonisk maskulinitet handlar om praksismönstra (det vil seie, ikkje berre eit sett av forventningar eller ein identitet) som gjer det mogleg å vidareføre menn sin dominans over kvinner (Connell & Messerschmidt 2005: 832). Den krevjar at alle andre menn må posisjonere seg sjølv i forhold til den, og legitimerer kvinner globale underordning til menn ideologisk.

Dagens hegemoniske maskulinitetsideal er karakterisert som ein kvit, vestleg, heteroseksuell mann, knytt til eigenskapar som aggressivitet og evne til utføring av vald

(Langeland 2008: 293). Kvite, vestlege menn med stor kulturell og økonomisk kapital er dei som reproducerer sin makt gjennom den hegemoniske maskulinitet. Det handlar om eit normativt ideal som alle må stilla seg til. Eit sentralt element i teorien er at maskulinitetskategorien er internt differensiert, og at det også er viktig å fokusere på den skeive maktfordelinga mellom ulike maskulinitetar (Langeland 2008: 294). Connell understrekar at hegemonisk maskulinitet er ein historisk foranderlig relasjon, og nye grupper kan utfordre gamle løysingar og skape ein ny hegemoni (Connell 2005: 77)

Ein dominerande heteronormativitet er eitt av dei viktigaste trekka ved vårt samfunns hegemoniske maskulinitet (Langeland 2008: 294). Den underordna maskulinitetsforma blir definert utanfor og i kontrast til den kulturelle norma, og får dermed erfare dei alvorlege konsekvensane av dette (Langeland 2008: 294; Connell 2005: 78-79). Hos Connell blir underordna maskulinitet eksemplifisert i homoseksualitet, som er i ein underordna posisjon i forhold til heteroseksualitet. Her dreier det seg om undertrykking på ei rekkje nivå, frå lovgjevnad og gatevald til økonomiske sanksjoner og eksklusjon på eit personleg plan.

Menn som inngår i den marginaliserte maskulinitetsforma bidreg til den hegemoniske maskulinitetens autorisering, utan at dei har tilgang til dei privilegia som den symbolske posisjonen dei innehavar gir dei (Langeland 2008: 294). Connell viser til svarte menn sin posisjon som idrettsheltar som døme på dette, då posisjonen ikkje bidreg til at svarte menn naudsynleg får meir økonomisk makt i samfunnet.

Den siste maskulinitetsforma, medverkande maskulinitet, representerer den posisjonen som fleirtalet av menn kroppsleggjer (Langeland 2008: 294; Connell 2005: 79-80). Denne maskulinitetsforma har ikkje same status som den hegemoniske, men nyttiggjer seg likevel av dei godane som blir oppnådd gjennom å understøtte denne posisjonen. Menn tar gjennom dette del i det patriarkalske utbyttet som dei i større grad enn kvinner har tilgang til. Mennene som inngår i medverkande maskulinitet definerer seg inn under ein slags normativ og akseptert form for maskulinitet utan å aspirere til eller ha moglegheiter for å ta til seg ein hegemonisk posisjon (Lorentzen 2009: 127).

Desse maskulinitetsformane er abstrakte snarare enn deskriptiv, og definert med omsyn til logikken til eit patriarkalsk kjønnssystem (Connell & Messerschmidt 2005: 832-833). Dei føreset at kjønnsrelasjonar er historiske, og at kjønnshierarki kan endrast. Hegemoniske maskulinitetar oppstår difor under konkrete kulturelle omstendigheiter, og er opne for historisk forandring. Meir presist kan det bli ein kamp om hegemoni, og eldre formar for maskulinitet kan bli fortrengt av nye. Det er kanskje mogleg at ein meir human, mindre nedtrykkjande måte å vere ein mann på kan bli hegemonisk, som del av ein prosess som fører mot ei oppheving av kjønnshierarki.

I artikkelen *Hegemonic Masculinity: Rethinking the Concept* (2005) evaluerer Connell og den amerikanske sosiologen James W. Messerschmidt omgrepet hegemonisk maskulinitet i forhold til sentrale kritikkar og innvendingar, og reformulerer omgrepet i moderne termar (Connell & Messerschmidt 2005; Langeland 2008: 295). Maskulinitetsteorien har mellom anna blitt kritisert for å produsere ein statisk typologi (Connell & Messerschmidt 2005: 836). Maskulinitetsomgrepet har blitt kritisert for å vere ramma inn i ei heteronormativ oppfatning av kjønn som essensialiserer skilnadar mellom det mannlege og det kvinnelege og som ignorerer forskjell og eksklusjon innanfor kjønnskategoriane. Det har også blitt kritisert for å basere logikken på ein dikotomisering av biologisk versus kulturelt og sosialt kjønn, som dermed marginaliserer og naturaliserer kroppen. Connell og Messerschmidt (2005: 836) argumenterer for at maskulinitetsomgrepet korkje er essensialistisk eller homogeniserande, og påpeiker at også kvinner kan gjøre maskulinitet. Maskulinitet er ingen fastsatt veren som er forankra i kroppen eller enkeltpersonar sine personlegdomstrekk. Maskulinitetar er praksiskonfigurasjonar som blir utført i sosial handling, og kan avvike i henhold til kjønnsrelasjonane i ein særskilt sosial setting.

Dette teoretiske rammeverket vil bli nytta i analysane, og eg vil fokusere på maskulinitetsformane hegemonisk og medverkande maskulinitet. Eg vurderer det som at informantane i denne studien inngår i ei medverkande maskulinitetsform.

Tidlegare forsking

Det vil her bli sett nærmere på tidlegare forsking som har tatt for seg tema knytt til farskap samt fedrar og foreldrepermisjon. Boka *Fedrekvoten og den farsvennlige velferdsstaten* av sosiolog og kjønnsforskar Berit Brandth og sosiolog og kjønnsforskar Elin Kvande inneholder bidrag fra forskarar som arbeider med temaet velferdsstaten sin fedrepolitikk, og tek for seg korleis ulike grupper fedrar erfarer og nyttar fedrekvota (Brandth & Kvande 2013a). Forskingsresultata som blir presentert i denne boka gir innblikk i korleis fedrekvota fungerer i praksis, noko som er relevant for mitt masterprosjekt, og eg vil her presentere sentrale trekk ved denne forskinga.

Ifølgje Brandth og Kvande kan fedrekvota betraktast som ei suksesshistorie Brandth & Kvande 2013b: 14). Då den vart innført vart den raskt tatt i bruk, og møtte lite motstand. Boka viser at dagens fedrar sine haldningar til fedrekvota er framleis svært positiv, og den nyttast av nesten alle fedrar som oppfyller vilkåra. Talet på fedrar som nyttar heile eller delar av fedrekvota har haldt seg stabilt på over 90 prosent, og difor har fedrekvota i lita grad ei klassebunden slagside. Men dei som tek lengre permisjon enn fedrekvota, tilhørar oftare middelklassa, og forståinga av fedrekvota og korleis den brukast kan variere med klasse (Stefansen & Farstad 2008; Brandth & Kvande u.u., referert i Brandth & Kvande 2013b: 13).

Etterkvart som fedrar er blitt meir involvert i den tidlege barneomsorga, har også husarbeidet blitt noko dei har tatt ansvar for og tatt del i (Brandth & Kvande 2013b: 13). Sosiologen Ragni Hege Kitterød tek for seg analyser av tidsbruksundersøkingar av mødrar og fedrar i Noreg i periodane 1971-1972 og i 2010-2011 (Kitterød 2013: 42). Kitterød viser kor mykje tid fedrar bruker til familie- og yrkesarbeid, og korleis dette har endra seg i løpet av dei siste tiåra. Vidare undersøkjer ho om endringane berre gjeld fedrar med små barn, eller om endringane også er synlege når barna er større, samt om dei gjeld både for kvardagar og helgar.

Kitterød viser at dagens fedrar brukar mykje meir tid til familiearbeid og mindre tid til yrkesarbeid enn kva fedrar ved inngangen til 1970-åra gjorde (Kitterød 2013: 58). Desse

endringane har gått føre seg i heile perioden og gjeld både for kvardagar og helgar. Endringane i tidsmønster gjeld særleg fedrar med barn i alderen null til seks år. Særskilt i det siste tiåret er det ein monaleg reduksjon av yrkesarbeidet og auke av arbeidet heime både blant fedrar med heilt små barn i alderen fram til to år og fedrar med litt større barn i alderen tre til seks år. Desse endringane har skjedd samstundes med at langt fleire barn går i barnehage. Auken i familiearbeidet til fedrar gjeld både vanleg husarbeid, omsorg for barn og andre gjeremål. Likevel har ikkje fedrar sin samla tid med barn gått opp det siste tiåret, noko som er uventa sett i ljós av at fedrar jobbar mindre. Dette mønsteret kan ha samanheng med auka barnehagebruk. Fedrar brukar altså ikkje meir tid saman med barna sjølv om dei gjer meir familiearbeid.

Fedrekvota har truleg bidrige til desse endringane; delvis ved at den har gitt fedrar meir erfaring med barneomsorg og husarbeid, og delvis ved at den kan ha ført til endringar i haldningar og forventingar til utforming av både fars- og morsrolla (Kitterød 2013: 58). Det var likevel store endringar i fedrane sitt tidsmønster også før innføringa av fedrekvota, noko som kan tyde på at kvota bidrog til å vidareføre og kanskje forsterke ei utvikling mot ein meir involvert farspraksis som allereie var i gang. Ei utviding av fedrekvota vil moglegvis bidra til vidare endring i korleis fedrar prioriterer mellom jobb og heim i dei komande åra. Ein høg del barn i barnehage kan likevel tenkjast å dempe behovet for far sin innsats heime.

Sosiologen Helene Aarseth diskuterer om fedrane sin nye involvering i omsorga for barn fører til eit meir likestilt familieliv, og tek utgangspunkt i ei studie av fedrar som var tidleg ute med å dele permisjonen med mor (Aarseth 2013: 239). Aarseth argumenterer for at det ikkje naudsynleg må vere eit motsetnadsforhold mellom fedrar sin lystorientering og vektlegging av relasjonen til barnet og meir ansvar i familien. Ho foreslår i staden at det er forholdet mellom lysta og forpliktinga som kjem i rørsle i familiar med «nye fedrar», slik at lysta under visse vilkår vil trekke med seg ansvaret, og ansvaret blir meir lystfylt.

Aarseth tek for seg påstanden om at «dei nye fedrane» orienterer seg særleg mot dei emosjonelt tilfredsstilande aktivitetane med barn, medan det reelle ansvaret for

dagleglivet blir overlate til kvinner (Aarseth 2013: 249-250). Ifølgje Aarseth er det fleire utviklingstrekk i det seinmoderne samfunnet, og kanskje særleg i ei sjølvutfaldingsorientert middelklasse, som gjer det vanskelegare for fedrar å vere «laust tilkopla» kvardagslivet i familien. I den dobbeltlikestilte familien må fedrane på nye måtar delta i kvardagslivet og i dei nære relasjonane for å få del i kjærleksrelasjonane. Å utvikle sine eigne nære relasjonen og å tilegne seg emosjonell kompetanse er noko dei både må og ønskjer. Aarseth skildrar ein sjølvakselererande dynamikk mellom emosjonell og praktisk involvering i kvardagslivet, og utvikling av den nære relasjonen til barnet. Det er likevel ikkje gitt at denne sjølvakselererande dynamikken med *naudsyn* fører til ei overskridning av arbeidsdelinga mellom å vere for andre og dyrke sitt eige livsprosjekt.

Ifølgje Aarseth føreset nærleik til barnet på ein annan måte enn tidlegare deltaking i kvardagslivet og i den emosjonelle og kroppslege beredskapen (Aarseth 2013: 250). Å både få tilgang til intimitet og tilhøyrslle og samstundes unndrage seg deltaking i kvardagslivet er noko som vanskeleg let seg gjere. Det blir difor ein problematisk strategi å delta i når det passar. Når desse fedrane først bevegar seg inn i «det nye moglegheitsrommet» og para i tillegg har fleksible jobbar og ein velferdsstat som støttar opp under eit dobbelt likestillingsprosjekt slik desse para har, ser det difor ut til å vere sterke krefter som pressar i retning av ein sjølvforsterkande dynamikk, der plikta blir knytt opp til lysta og lysta til plikta. Den klare arbeidsdelinga mellom å «vere for andre» og «å skape sitt eige liv» blir som følgje av den også meir problematisk.

Når det gjelder forsking på fedrar og familieliv, vil eg her presentere sosiologen Liv Johanne Syltevik sin rapport *Differensierete familieliv – familiepraksis i Norge på slutten av 1990-tallet* som drøftar kva det vil seie å leve i ein familie med born ved slutten av 1990-talet (Syltevik 2000). Rapporten, som er skriven på bakgrunn av ei undersøking basert på intervju med par i Bergensområdet, syner kor forskjellig familieliv kan bli utforma. Den tek for seg kva som kjenneteiknar seinmoderne familieliv, korleis para kombinerer familie og arbeid, og kva tyding velferdsstaten har for familiepraksisen som blir utvikla.

Eitt av hovudtema i rapporten er familiearbeid – det å ta vare på born, opprette og vedlikehalde ein heim (Syltevik 2000). Det analytiske utgangspunktet her er kva ideal para har når det gjeld familiearbeid og kva praksis dei utformar saman. Syltevik viser at sjølv om mange av para sluttar seg til generelle ideal om likestilling, har dei ulike oppfatningar om kva likestilling inneber. Ideala for å vere gode mødrer og fedrar var i stor grad kjønnsnøytrale for mennene og kvinnene, og det var innanfor denne kjønnsnøytrale ramma kjønnsspesifikke ideal vart markert. Derimot var praksisen tydeleg kjønnsspesifikk. Syltevik skil mellom tre typar par med omsyn til kjønnsideologi og praksis. Den første typen er par som har både ein komplementær kjønnsrolleideologi og praksis. Her ønskjer mødrane å ta hovudsaksvaret for familiearbeidet, og fedrane er omsorgspersonar for barna, og hjelper til med husarbeidet etter vanleg arbeidstid. Desse para er hovudsakleg nøgd med arbeidsinndelinga. Den andre typen par har ein likestillingsorientert kjønnsideologi, men ein komplementær praksis. Mødrane er her misfornøgde, og ønskjer både at fedrane skal vere nærverande fedrar, og at dei skal ta eit likeverdig ansvar for husarbeidet. Fedrane er samde i ideala, men kjem med mange grunngjevingar for kvifor dette ikkje let seg gjennomføre i deira noverande situasjon. Den tredje typen par har både ein likestillingsorientert ideologi og praksis. Dette er meir karakteristisk for periodar enn som ei gjennomgåande skildring av situasjonen til konkrete par.

Syltevik finn at ideologien rundt morskap og farskap er i endring (Syltevik 2000: 100). Para legg vekt på det kjønnsnøytrale og ikkje det kjønnsspesifikke når det gjelder eigenskapar knytt til mødrer og fedrar. Ideala for å vere ei god mor er ikkje lenger naudsynleg knytt til å *berre* konsentrere seg om å vere mødrer. Det å vere heimearbeidande er heller det som må grunngjenvast. Ideologien rundt farskapet er også endra, slik at valet om å *ikkje* vere nærverande og omsorgsfull far er det som må grunngjenvast. Likevel inneber ikkje ideologien rundt det involverte farskap noko brot mot oppfatninga om at lønsarbeid høyrer med som ein vesentleg del av den mannlige identiteten. Når det er gjelder involvert farskap, handlar det om å kunne tilpasse lønsarbeid til farsoppgåva i kortare periodar, og ikkje om noko meir radikal omvelting i retning av at omsorga for barna blir overordna eigen lønskarriere.

Både kvinnene og mennene har likestillingsorienterte ideal, men har ulike oppfatningar av likestilling (Syltevik 2000: 100). Nokon synest likestilling er at begge bør gjere om lag like mykje, utan å naudsynleg gjere det same, medan andre synest likestilling er først når begge gjer like mykje av alt. At idealet ikkje samsvarar med praksis blir særleg problematisk når det gjeld husarbeidet. Undersøkinga viser at eit praktisert likestillingsprosjekt er mest eit ideal for dei fleste. For det første blir det vist gjennom at det er mødrer som i størst grad tilpassar lønsarbeidet til omsorgsarbeidet og har hovudansvaret for husarbeidet, og at det i størst grad er fedrar som har hovudansvaret for forsørging og lønsarbeid. Dette inneber for para med likestillingsorienterte mødrer og fedrar som av ulike årsakar ikkje er likestillingspraktiserande at det blir ein innebygd ustabilitet i parforholdet, der ho er misnøgd med hans bidrag. Andre par som sluttar seg til meir komplementære ideal for foreldreskap definerer den ulike arbeidsfordelinga som val og ønskjer. Skeivheita i arbeidsfordelinga kan også bli forklart med kjønnsulikskapar i velferdsordningane og på arbeidsstadane. Dermed blir det å vere ein nærverande forelder kvinna si oppgåve, ikkje fordi fedrane ikkje vil, men fordi kvinnene *må* gjere det av økonomiske årsakar.

Det er stor fleksibilitet med omsyn til kven som gjer kva i arbeidsdelinga, og dette er noko som kan endre seg gjennom eit samliv og eit livslau (Syltevik 2000: 101). Likevel ser det på nokre området ut til at den eine kjønnskategorien er blitt tildelt oppgåver på ein meir fastlåst måte enn andre. For kvinners del gjeld dette særleg klesvask og organisering av familiens gjeremål, og for menn gjeld dette å pusse opp og å ta seg av bilen. Arbeidsfordelinga er ikkje naudsyneleg det viktigaste for alle par. Ulike likestillingsideal gir ulik vurdering av praksis, slik at det symbolske med å vere til stade og bidra kan vere viktigare for nokon, medan andre dimensjonar ved samlivet som blir sett på som viktigare for andre.

Strukturen i oppgåva

I dette innleiingskapittelet har eg gitt ein presentasjon av sentrale trekk ved forståinga av farskap dei siste 150 åra, for å så presentere sentrale trekk ved lovverket rundt foreldrepermisjonsordninga. Eg har deretter presentert teoretiske perspektiv som vil bli

nytta i analysen samt tidlegare forsking knytt til farskap og foreldrepermisjon. I kapittel 2, «Metodisk tilnærming», vil eg gå nærmere inn på dei metodiske framgangsmåtane og forskingsetiske vurderingane eg har gjort i prosjektet. Eg vil i kapittel 3, «Å bli far», fokusere på småbarnsfedrane sine forteljingar om og refleksjonar rundt det å bli far for første gong. Formålet med dette kapittelet er å undersøke korleis småbarnsfedrar fortel om det å bli far. Eg vil her drøfte kva oppfatninga av farskap som kjem fram i mennene sine forteljingar om å bli far. I kapittel 4, «Korleis foreldrepermisjonen har blitt nytta», tek eg for meg korleis småbarnsfedrar har nytta fedrekvota og korleis dei har fordelt den delbare foreldrepermisjonen med mor til barnet. Her vil eg undersøke kva som har hatt innverknad for desse avgjerslene. Eg vil også drøfte på kva måte ein kan sjå fedrar sin bruk av foreldrepermisjonen i lys av ideal om farskap. I kapittel 5, «Å vere far», vil eg undersøke kva uttrykk for kjønn og foreldreskap som kjem til syne i småbarnsfedrar sine forteljingar om og refleksjonar rundt det å vere far. Eg vil her ta for meg korleis småbarnsfedrar fortel om det å vere far, og drøfte på kva måte kjønn har innverknad for korleis foreldreskap blir praktisert. I kapittel 6, «Avslutning», vil eg gje ei oppsummering over funna i oppgåva.

Kapittel 2: Metodisk tilnærming

I dette kapittelet vil eg gjere greie for dei metodiske framgangsmåtane og forskingsetiske vurderingane eg har gjort i masterprosjektet. Først vil eg grunngje metodeval. Deretter vil eg drøfte og grunngje mi avgjersle om å nytte småbarnsfedrar som informantar, og ikkje deira partnarar. Vidare vil eg gjere greie for korleis eg gjekk fram for å rekrutterte informantar, for å så skildre og grunngje kriteria for informantutvalet. Så vil eg gi ein kort presentasjon av informantutvalet, og skildre korleis intervjuet er gjennomført. Vidare vil eg ta for meg og reflektere rundt dei etiske vala eg har tatt i masterprosjektet. Her vil eg først drøfte utvalsmetoden som har blitt nytta. Deretter vil eg ta for meg korleis eg har sikra informantane sine informerte og frie samtykke, og skildre og drøfte korleis eg viste omsyn til belastingar for tredjepartar. Til slutt vil eg presentere og grunngje korleis eg har avidentifisert informantane, samt korleis eg har transkribert intervjuet.

Metodiske framgangsmåtar

Det kvalitative forskingsintervju

Masteroppgåva vil basere seg på kvalitative forskingsintervju med småbarnsfedrar. I kulturvitenskapen er den kvalitative tilnærminga ofte nytta som metode. Kvalitative metodar er kjenneteikna med at dei går i djupna, men ikkje i breidda (Repstad 1998: 14). Dette inneberer at ein studerer få eller kanskje berre eitt miljø, men at ein til gjengjeld studerer miljøet som heilskap, med alle dei konkrete nyansane i det. Såleis skil dei seg frå kvantitative studiar, der ein gjerne abstraherer, altså trekkjer ut frå den konkrete røyndomen, nokre få trekk eller eigenskapar, som gjerne blir kalla variablar.

Valet av kvalitative forskingsintervju som metode for masterprosjektet mitt var basert på at eg ønskte å få eit innblikk i kva oppfatningar småbarnsfedrar hadde om tema knytt til farskap, og korleis dei reflekterte over avgjersler dei hadde tatt med omsyn til foreldrepermisjonsbruk. Det kvalitative forskingsintervjuet har som formål å forstå sider ved intervjugersonen sitt daglegliv, frå vedkomande sitt eige perspektiv (Kvale & Brinkmann 2010: 43). Strukturen til forskingsintervjuet er likt den daglegdagse samtalen,

men som eit profesjonelt intervju involverer det også ein bestemt metode og spørjeteknikk. Forskingsintervjuet har som mål å produsere kunnskap, og det er eit intervju der kunnskap blir konstruert i samspel eller interaksjon mellom intervjuaren og den som blir intervjeta (Kvale & Brinkmann 2010: 22-23).

Eg har nytta eit semistrukturert livsverdsintervju som intervjuform. Denne intervjuforma søker å innhente skildringar av livsverda til intervupersonen, og særleg fortolkingar av tydinga av dei fenomena som blir skildra (Kvale & Brinkmann 2010: 47). Livsverd er verda slik vi møter den i dagleglivet og slik ho opptrer i direkte opplevingar, uavhengig av og forut for vitskaplege forklaringar (Kvale & Brinkmann 2010: 324). Ettersom intervjuet er semistrukturert, er det korkje ein open samtale eller ein lukka spørjeskjemasamtale (Kvale & Brinkmann 2010: 47). Det blir utført i samsvar med ein intervjuguide som inneholder ei oversikt over kva tema som skal bli dekt, og som kan innehalde forslag til spørsmål. Denne intervjuforma er prega av openheit angåande endringar i rekjkjefølgja og korleis spørsmål blir formulert, slik at dei spesifikke svara ein får og dei historiene som blir fortalt av intervupersonane kan bli forfølgt (Kvale & Brinkmann 2010: 137-138). Ved å nytte semistrukturerte livsverdsintervju har eg søkt å få innblikk i livsverdene til informantane, og å forfølgje dei historiene eg har blitt fortalt. Intervjeta vart spelt inn på lydopptak og deretter transkribert. Den skrivne teksta og lydopptaka utgjer til saman materialet for den etterfølgjande meiningsanalysen (Kvale & Brinkmann 2010: 47).

Utval

Eg valde å berre intervjuje fedrane, og ikkje mødrene. Grunnen til dette valet var at eg ville undersøke kva tankar og refleksjonar småbarnsfedrane hadde rundt farskap, samt kva faktorar fedrane meinte la føringar for korleis fedrekvota og annan foreldrepermisjon vart nytta. Eg ville truleg også fått eit innblikk i dette dersom eg hadde intervjeta fedrane og mødrene saman. Det å vere foreldre og familie er ein situasjon der den enkelte ikkje kan utforme sin identitet uavhengig av kvarandre (Syltevik 2000: 23). Det dreiar seg om ein situasjon som på ein eller annan måte involverer ein delt røyndomskonstruksjon. Mi

avgjersle om å berre intervjuje fedrane, og ikkje mødrene, har difor truleg hatt ein innverknad på dei historiene eg vart fortalt.

Under forskingsintervjuet blir som nemnt kunnskap konstruert i samspelet, eller interaksjonen, mellom intervjuaren og den som blir intervju. Det er difor nærliggjande å tru at mitt val av informantar har hatt innverknad på dei historiene som vart konstruert i intervjuet.

Kanskje ville intervju der både fedrar og mødrer vart intervjuet saman, eller kvar for seg, konstruert andre forteljingar om til dømes korleis omsorgsoppgåver for barna vanlegvis blir fordelt eller kva faktorar som la sterkest føringer for korleis foreldrepermisjonen vart nytta? Kva innverknad ville det ha på kunnskapskonstruksjonen dersom begge foreldra vart intervjuet saman, eller kvar for seg? Eg kunne til dømes valt å gjere som etnologen Lena Martinsson, som har utført både felles og individuelle intervju med heteroseksuelle foreldrepar (Martinsson 1997: 27-28). Dei ulike intervjuet hennar var bygde på ulike tema og på tanken om at det finst både individuelle og felles biografiar. Grensene var likevel flytande, slik at nokre tema vart behandla ved begge intervjuet, om enn med forskjellige utgangspunkt. For Martinsson vart det klart at tilværet kan bli forstått på mange måtar avhengig av kva skapt kontekst perspektivet blir til i. Ho vektlegg betydinga av intervjuet med par, som gav innsyn i den pågående skapinga av det felles livet.

Sosiologen Liv Syltevik har også intervjuet heteroseksuelle foreldrepar både saman og kvar for seg i samband med ein rapport om barnefamiliar (Syltevik 2000: 23-25). Felles intervju vil ifølgje Syltevik gje eit innblikk i korleis foreldrepar saman utformar sine roller og sine liv. Syltevik fann at det var ein tendens til at konfliktar vart underspelt i dei individuelle intervjuet, medan diskusjonar og konfliktar kom fram og vart utdjupa i det felles intervjuet. Ifølgje Syltevik kan ein tolke dette som at informantane var meir opptekne av å beskytte partnaren i dei individuelle intervjuet enn når vedkomande var til stades. I det felles intervjuet dreidde det seg ikkje berre om å presentere seg sjølv og sin situasjon i for ein framand, men også om å stilla seg til partnaren sin definisjon av situasjonen. Det var dermed nødvendig at konfliktsstoff vart tatt fram og reagert på for å unngå at versjonen til partnaren vart ståande uimotsagt. At det var slik må forfolkast

innanfor den fastlagte intervjukonteksten som alle kjente til på førehand, nemleg at informantane visste at dei begge skulle intervjuast individuelt og saman. Det vart også kartlagt misforståingar under dei felles intervjeta, nettopp fordi begge to var til stades.

Det å vere foreldre og familie er som nemnt ein situasjon der den enkelte ikkje kan utforme sin identitet uavhengig av kvarandre. Å utføre felles og individuelle intervju med foreldrepar kunne difor ha bidrige til å gi eit innsyn i korleis farsrolla samspelear med morsrolla. Konfliktar og diskusjonar kunne ha kome fram i dei felles intervjeta, slik som i Syltevik sine intervju, og dette kunne gitt eit innsyn i dette samspelet. Samstundes vurderte eg det til at det var av særleg relevans for denne oppgåva sine tema å få høyre småbarnsfedrane sine eigne historier, framstilt ut frå deira eigne perspektiv og situasjonar. Eg ønskte å høyre småbarnsfedrane sine refleksjonar, og at dei skulle vere i fokus, utan innverknad frå partnarar. Tilværet kan, som nemnt, bli forstått på mange måtar avhengig av kva skapt kontekst perspektivet blir til i. Eg meinte difor at den kunnskapen som vart konstruert i interaksjonen mellom meg og informantane, kunne gi eit interessant innblikk i informantane sine tilvære, og valte difor å avgrense informantutvalet til å bestå av småbarnsfedrar.

Informantutval

Eg kom i kontakt med informantane ved å kontakta styrarar av fleire barnehagar i ein storby, med førespurnad om at dei ville vidareføre informasjonen til fedrar som hadde barn i barnehagen deira. Ved å nytte styrarar av barnehagar som mellomledd for å få tilgang til feltet, tenkte eg at eg truleg ville nå mange fedrar som passa informantutvalet mitt, og dermed auke sannsynet for å bli kontakta av potensielle informantar. I tillegg ville eg nå ut til ei større og meir mangfaldig gruppe fedrar ved å nytte denne metoden, enn dersom eg til dømes hadde nytta kjennskapsnettverket mitt eller nettstadar og internettforum som metode.

Eg kontakta styrarane på telefon, og presenterte meg og masterprosjektet. Deretter sendte eg dei ein e-post med nærmere informasjon om prosjektet, samt eit vedlagt

informasjonsbrev om masterprosjektet (sjå appendiks 1). Dette kunne styrarane vidaresende til foreldra i barnehagen, dersom dei ønskte å hjelpe.

Då informantane meldte si interesse, kontakta eg dei på e-post, der eg takka for at dei kunne tenkje seg å stille opp på intervju. Eg påpeika at eg var fleksibel både med omsyn til tidspunkt og stad for intervjuet, og kom med nokre forslag på dette, slik at informantane kunne velje sjølv, etter kva som passa best for dei. Informasjonsbrevet om føremålet til prosjektet, hadde dei allereie fått frå styraren i barnehagen.

Det er truleg nokre avgrensingar i materialet mitt som følgje av valet av feltområde og stad. På grunn av valet om å rekruttere informantar via barnehagar, er det mogleg at eg har kome i kontakt med andre typar informantar enn eg ville ha gjort dersom eg til dømes hadde rekruttert informantar i frå andre stadar, som til dømes ulike arbeidsplassar. Det kan også tenkast at det at eg har valt å intervjuer informantar frå ein storby inneber at eg har fått eit anna utval – og dermed eit anna materiale – enn eg hadde fått dersom eg hadde intervjuat informantar frå ei bygd.

Kriterium for informantutvalet

Eg hadde satt som kriterium for informantutvalet at dei skulle vere småbarnsfedrar som levde i heteroseksuelle parrelasjonar, og som hadde minst eitt barn under seks år. Eg ønskete å intervju småbarnsfedrar ettersom det er for den gruppa fedrar det gjeldande lovverket rundt fedrekvota og andre foreldrepermisjonsordningar er mest relevant. Ved å avgrense informantutvalet til å bestå av småbarnsfedrar som hadde minst eitt barn under seks år ønskete eg dermed å intervju småbarnsfedrar som anten var, eller relativt nyleg hadde vore, i ein situasjon der dette lovverket var aktuelt, og der dei skulle eller hadde tatt stilling til eventuell bruk av fedrekvota og fordeling av foreldrepermisjon. Denne avgrensinga ville kome som følgje av at eg valde å nytte styrarar frå ulike barnehagar som mellomledd for å få tilgang til feltet. Sjølv om det finst andre typar fedrar som eg kunne sett nærmare på (til dømes homoseksuelle fedrar), har eg avgrensa informantutvalet til å bestå av heteroseksuelle småbarnsfedrar i parreasjonar. Eg ønskete å undersøke kva eventuell innverknad forelderens sitt kjønn kunne ha på korleis foreldrepermisjonen vart

nytta og fordelt mellom informanten og mor til barnet. Ved denne avgrensinga ville eg få eit innblikk i kva innverknad parrelasjonen kunne ha på praksis rundt farskapet og foreldrepermisjon. Eg hadde ikkje noko kriterium når det gjaldt alderen til informantane, men eg hadde eit ønskje om å inkludere både eldre og yngre fedrar i informantutvalet. Eg hadde heller ikkje noko kriterium om at informantane skulle ha nytta foreldrepermisjonen eller ikkje. Dette var fordi eg ønskte å intervju informantar som hadde tatt ulike val med omsyn til om, korleis og eventuelt kor lenge foreldrepermisjonen vart nytta. Gjennom mitt val om å bruke styrarar frå spesifikke barnehagar som mellomledd for å få tilgang til feltet, tok eg sikte på å kome i kontakt med informantar busett i ein storby. Dermed var informantane sin busetnad ikkje eit presentert kriterium, men ei metodisk avgrensing som eg utførte. Yrkessituasjon og utdanning var heller ikkje nokre kriterium, då det heller ikkje skulle vere ein faktor i analysen.

Det endelige utvalet av informantar

I utgangspunktet hadde eg, som nemnt, som føremål å avgrense studien til å omhandle småbarnsfedrar som levde i parrelasjonar. Eg vart kontakta av to fedrar som ikkje lenger var i ein parrelasjon med mor til barnet, og ønskte å intervju desse fedrane også, og endra dermed litt på informantkriteria med omsyn til korleis dei i utgangspunktet var presentert i informasjonsbrevet. Grunnen til dette var at eg ved denne endringa i informantkriteria, meinte at eg ville få eit variert innblikk i korleis småbarnsfedrar i ulike livssituasjonar fortel om og reflekterer rundt farskap. Dei fem andre informantane budde saman med mor til barnet. Det endelige utvalet av informantar til denne studien vart dermed avgrensa til sju småbarnsfedrar busett i ein storby, der alle informantane hadde minst eitt barn i alderen fram til seks år.

Småbarnsfedrane hadde ulike yrkesbakgrunnar, og alle hadde frå starta til ferdig høgare utdanning. Alle informantane var busett i ein storby. Alderen til informantane var frå midten av 30-åra til om lag tidleg 40-åra. Det var variasjon i korleis informantane hadde nytta fedrekvota og den delbare foreldrepermisjonen, og kor mykje permisjon dei hadde tatt ut. Alle informantane hadde nytta heile, eller delar av fedrekvota, på minst eitt av barna sine. Fem informantar hadde nytta heile, eller delar av den delbare

foreldrepermisjonen. To informantar tok også ut ulønt permisjon. Tre informantar var i foreldrepermisjon då dei vart intervjuet. Eg har valt å kalle informantane for Bjørn, Geir, Jan, Kristian, Morten, Rune og Thomas. Eg har valt desse namna for å passe deira generasjon.

Bjørn er i tidleg 40-åra. Han og kona har han to barn, i alderen ti og fem år. Han har nytta heile fedrekvota på det eldste barnet. På det yngste barnet har han nytta heile fedrekvota, i tillegg til halvparten av den delbare foreldrepermisjonen. Han har tatt ut samanhengande permisjon med begge barna.

Geir er i tidleg 40-åra. Saman med kona si har han to barn, i alderen åtte og fire år. Han har nytta heile fedrekvota på det eldste barnet. På det yngste barnet har han nytta heile fedrekvota og heile den delbare foreldrepermisjonen. I tillegg til dette har han nytta om lag fire månadar ulønt permisjon. Han har tatt ut samanhengande permisjon med begge barna.

Jan er i midten av 30-åra. Han var i ein overgang frå einsleg til sambuar då han vart intervjuet. Han har eit fire år gammalt barn, frå eit tidlegare ekteskap. Han har nytta heile fedrekvota kombinert med åtte veker frå den delbare foreldrepermisjonen. Han har tatt ut samanhengande permisjon.

Kristian er i midten av 30-åra. Saman med sambuaren sin, har han to barn, i alderen eitt og tre år. Han har nytta heile fedrekvota på det eldste barnet, og har tatt ut samanhengande permisjon. Han gjekk i tillegg ut i 50% ulønt permisjon eit halvt år. På det yngste barnet har han nytta heile fedrekvota, og har tatt ut samanhengande permisjon. Han har også nytta om lag halvparten av den delbare foreldrepermisjonen. Han skulle eigentleg vere i 100% permisjon, men på grunn av at barnet fekk barnehageplass, og at han har ein fleksibel arbeidssituasjon, så vart det i praksis ein meir fleksibel situasjon med omsyn til kombinasjonen arbeid og permisjon.

Morten er i midten av 30-åra. Saman med sambuaren sin, har han eit 16 månadar gammalt barn. Han har nytta delar av fedrekvota, og tatt ut gradert permisjon, slik at han var i

permisjon *ein* dag i veka. Barnet har byrja i barnehagen, og han har framleis ein god del av permisjonen igjen.

Rune er i slutten av 30-åra. Saman med sin tidlegare sambuar har han eit tre år gammalt barn. Han har nytta heile fedrekvota. Eit par månadar av permisjonen har blitt tatt ut samanhengande, deretter har han tatt gradert permisjon.

Thomas er i slutten av 30-åra. Saman med kona si, har han to barn, i alderen eitt og tre år. På det eldste barnet har han tatt ut samanhengande permisjon, der han har nytta heile fedrekvota kombinert med fire veker frå den delbare foreldrepermisjonen. På det yngste barnet har han nytta heile fedrekvota kombinert med tre veker frå den delbare foreldrepermisjonen som samanhengande permisjon. Han har i tillegg til dette, nytta om lag halvparten av den delbare foreldrepermisjonen, og tatt ut gradert uttak med ulik prosentdeling undervegs.

Gjennomføring av intervjua

Eg ønskete å utføre intervjuua på stadar der informantane var komfortable og kunne prate uforstyrра om tema som angjeikk deira privatliv. Eg let difor informantane få velje sjølv kvar og til kva tidspunkt intervjuua skulle bli utført. Eitt intervju vart utført på ein kafé. Informanten var i permisjon med barnet sitt, som også var tilstade under intervjuet. Intervjuet vart utført tidleg på formiddagen, det var relativt få andre personar tilstade i lokalet, og vi kunne sitte å snakke uforstyrра. Eit anna intervju vart utført på eit konferanserom på informantens sin eigen arbeidsplass etter arbeidstid. Dei fem andre intervjuua vart utført på eit kontor, der eg og informanten var dei einaste som var tilstade, og vi kunne ha ein uforstyrра samtale. Intervjuua varte i mellom 30 og 80 minutt.

Intervjuet vart innleia med ei brifing der eg definerte situasjonen for informanten, fortalte om formålet med intervjuet, at intervjuet ville bli tatt opp på lydopptakar, og spurde om informanten hadde nokre spørsmål før intervjuet byrja (Kvale & Brinkmann 2010: 141). Eg starta intervjuet med å stille informantane konkrete spørsmål om sivilstatus, tal på barn, og kva livsfase dei og partnarane deira var i før dei fekk barn og no. Deretter snakka vi om deira eventuelle bruk og fordeling av foreldrepermisjonen. Vi

snakka også om tema som omhandla kva dei gjorde i permisjonstida, og korleis den vart opplevd, kva tankar dei hadde om farskap og morskap og korleis desse rollene vart praktisert, om aktivitetar med barna, og om kvardagen heime og korleis omsorgsoppgåver vart fordelt.

Eg nytta ein intervjuguide (sjå appendiks 2) samt nokre skriv med oversikt over lovverket rundt foreldrepermisjonen som hjelpemiddel under intervjuet. Intervjuguiden inneheldt ei oversikt over dei ulike tema eg ønskte å snakke om, samt forslag til spørsmål til kvart tema. Eg var oppteken av å følgje svara og historiene til informantane, og forsøkte difor å strukturere intervjuet som ein samtale, slik at intervjuet i mindre grad følgde rekkjefølgja til tema i intervjuguiden. Eg var oppteken av at vi fekk snakka om dei tema eg hadde planlagt å snakke om og dei tema informantane ønskete å snakke om.

Eg nytta temaguiden i større grad under dei første intervjuet enn dei siste. I starten opplevde eg det som trygt å ha ei slik oversikt tilgjengeleg under intervjuet, slik at eg kunne forsikre meg om at vi fekk snakka om dei tema eg hadde planlagt å snakke om. Under dei siste intervjuet la eg den til sides, ettersom eg kjente godt til kva tema eg ønskete at vi skulle snakke om, og forsøkte å fokusere på å følge samtalens i større grad.

Då vi var ferdige med å snakke om eit tema spurte eg informantane om dei hadde noko meir dei gjerne ville seie før vi gjekk over til neste tema. Då fekk eg gjerne nokre utdjupingar rundt det vi hadde snakka om, og informantane fekk også hove til å ta opp tema som dei syntest var viktige eller ønskete å snakke om.

Det kan oppstå ei viss spenning når intervjuet er over (Kvale & Brinkmann 2010: 141-142). Informanten har vore open om personleg og emosjonelle opplevelingar og lurer kanskje på kva som er formålet med intervjuet og kva det vil bli brukt til seinare. Det kan kanskje også oppstå ei kjensle av tomheit, ettersom informanten har gitt mange opplysingar om livet sitt og har kanskje ikkje fått noko tilbake. Det er likevel ei vanleg erfaring etter eit forskingsintervju at informanten har opplevd intervjuet som givande, har nytt kjensla av å kunne snakke fritt med ein oppmerksam tilhøyrar og kanskje også fått ny innsikt i betydningsfulle tema i deira livsverd.

Eg avrunda intervjuet med ei debriefing der eg spurde om informantane hadde noko meir dei ville seie (Kvale & Brinkmann 2010: 142). Eg fortsette med debriefinga etter bandopptakaren vart slått av, og spurde informantane om korleis dei hadde opplevd intervjuet. Dersom informantane var interessert, fortalte eg meir om formålet med prosjektet. I nokre av intervjuua kom samtalen innom tema som var aktuelle for prosjektet mitt, og eg fekk løyve til å skru på lydopptakaren igjen.

Forskingsetiske vurderinger

Heile gangen i ei intervjuundersøking er prega av etiske problemstillingar, og moglege forskingsetiske problem bør visast omsyn til frå byrjinga av undersøkinga til den endelige rapporten er ferdig (Kvale & Brinkmann 2010: 80). Eg vil her ta for meg dei forskingsetiske vurderingane eg har gjort i masterprosjektet.

Utfordringar med utvalsmetoden

Ved den framgangsmåten som vart nytta for å rekruttere informantar fekk mange av foreldra som har barn i same barnehage informasjon om masterprosjektet. Dette kan ha vore problematisk, ettersom foreldra kunne kome til å kjenne att, eller tru at dei kjenner att, fedrar som har barn i same barnehage, og identifisere dei som informantar i masteroppgåva. Dette kunne moglegvis ha ført til spekulasjonar om kven informantane er, om det kunne vere nokon frå deira barnehage, og om deira familie sitt privatliv, når dei las masteroppgåva. Eg kunne også ha risikert at fedrar som fekk informasjon om masterprosjektet ville trudd at det å bli kjent att av dei andre foreldra ville vere ein konsekvens av å delta i masterprosjektet, og dermed ikkje ville ha ønskt å stille som informant. For å forsøke å unngå identifisering i mest mogleg grad, kontakta eg eit stort tal på barnehagar. Informantane kom difor i frå ulike barnehagar.

Når det gjelder attkjenning av informantane, så består informantutvalet av småbarnsfedrar som er busett i ein storby. Dermed er informantutvalet ikkje ei lita minoritetsgruppe, men representerer derimot ei stor gruppe menn, noko som inneber at det kan vere nærmast «kven som helst». Inforasjonsbrevet informerte også om at

informantane ville bli avidentifisert, noko som dermed ville bety at dei ikkje kom til å bli identifisert.¹

Informert og fritt samtykke

Som hovudregel skal forskingsprosjekt som inkluderer personar berre setjast i gang etter deltakarane sine informerte og frie samtykke (Forskingsetiske retningslinjer, pkt. 9). Informert samtykke betyr at informanten blir orientert om det som gjeld vedkomande si deltaking i forskingsprosjektet. Fritt samtykke betyr at det er gjeve utan press eller avgrensingar av personleg handlefridom. Kravet om samtykke skal førebyggje krenkingar av personleg integritet. Fritt og informert samtykke mogleggjer å gjennomføre forsking som inneberer ei viss risiko for belastingar.

Gjennom min metode for å få tak i informantar tok eg ikkje direkte kontakt med informantane, og det var informantane som oppretta førstegangskontakten. Dette gjorde eg for å sikre fritt samtykke. For å sikre informert samtykke sendte eg informantane eit informasjonsbrev via styrarane i barnehagane, der informantane fekk relevant informasjon om deltakinga i prosjektet, slik at dei kunne vite kva dei samtykte på, og dermed ta ei avgjersle ut frå dette. Det kan likevel vere vanskeleg å vite kva som er relevant informasjon, ettersom det kan vere vanskeleg å ha overblikk over kva eventuelle konsekvensar eit samtykke kan få for informantane (Alver & Øyen 1997:112). Informantane reiser ofte spørsmål om risikoen for å bli kjent att i forskingsrapporten, og dette er noko som gjer samtykket avhengig av kva svar forskaren kan gi. Det som ofte blir avgjerande her, er løfte om anonymitet og forsvarleg bruk av data, særleg når det er snakk om sensitive opplysningar.

I informasjonsbrevet presenterte eg min fagbakgrunn og gav ein kort presentasjon av dei etiske og lovmessige rettane. Informasjonsbrevet inneheldt også ei samtykkeerklæring på at informantane hadde motteke informasjon om studien, at dei ønskete å stille til intervju, og at dei var klar over at intervjuet ville bli tatt opp på lydopptakar, skrive ut og at direkte

¹ Definisjonen av avidentifisering kjem lenger nede i kapittelet.

sitat kunne bli nytta i masteroppgåva. Informantane skreiv under på denne etter intervjuet var utført.

Omsynet til tredjepart

Forskaren bør vurdere og føregripe verknadar på tredjepart som ikkje er direkte inkludert i forskinga (Forskingsetiske retningslinjer, pkt. 11). Gjennom intervju får gjerne forskaren informasjon om fleire personar enn dei som står i fokus i studien. Forskinga kan få verknadar for privatliv og nære relasjonar hos personar som ikkje sjølv inngår i forsking, men som trekkast inn som nærståande til informantane. Forskaren bør vere oppmerksam på moglege utilsikta verknadar av forskinga. Omsynet til belastingar for tredjepart bør vegast opp mot omsynet for forskinga sin kritiske funksjon og sanningssøking.

Eg tok difor omsyn til at tredjepartar ville bli omtalt i alle intervjuet. I dette tilfellet vil det seie mødrene til barna, barna, foreldre, svigerforeldre, kollegaer og eventuelle andre personar som ikkje er i fokus i studien. Ettersom eg kom til å ta opp tema som omhandla informantane sine dåverande eller tidlegare relasjonar til mødrene til barna, ville det difor også kome fram personopplysningar om mødrene til barna.

Personopplysningar er opplysningar som direkte eller indirekte kan bli ført tilbake til enkeltpersonar (Langtvedt 2009). Personopplysningar kan berre behandlast dersom den registrerte har samtykka (Personopplysningsloven 2013 §8). Samtykket må vere ei frivillig, uttrykkeleg og informert erklæring frå den registrerte om at han eller ho godtek behandling av opplysningar om seg sjølv (Personopplysningsloven 2013 §2).

Ifølgje personopplysningsloven måtte altså informert og fritt samtykke bli henta inn frå tredjepartane, noko som kan bli ein tidkrevjande prosess for alle forskingsprosjekt. Dette kunne bli ei umogleg oppgåve å gjennomføre i praksis med tanke på kor mange personar det potensielt sett kunne kome fram informasjon om under intervjuet.

Ei etisk utfording eg møtte med omsynet til belastingar for tredjepart, var difor at det ikkje var mogleg å informere og hente samtykke frå alle potensielle tredjepartar. For å

sørgje for at det vart vist omsyn til belastingar for tredjepartar, utan å informere alle tredjepartar, vart tredjepartar som vart nemnt i intervjuet avidentifisert.²

For å vise omsyn til belastingar for mødrene til barna, bad eg informantane om å vidareformidle informasjon og få munnleg samtykke frå mødrene til barna, og deretter vidareformidle dette til meg. Dette kunne setje avgrensingar for prosjektet. Eg kunne til dømes oppleve at mødrene til barna sat seg opp mot prosjektet, slik at intervjuet ikkje let seg gjennomføre. Det at partnarane til informantane var informert om informantane si deltaking i forskingsprosjektet, kunne også eventuelt medføre at informantane følte seg ukomfortable i intervjustituasjonen, og fekk vanskar med å snakke fritt om enkelte tema.

Avidentifisering og transkribering

Avidentifiserte opplysningar er opplysningar der identifikasjon skjer indirekte ved eit løpenummer eller ein annan opplysning som peikar tilbake til ein identifikasjon (Langvedt 2009). Indirekte identifiserbare opplysningar er opplysningar som gjennom ein kombinasjon av dei skildrande opplysningane i datasettet, likevel gjer at elles avidentifiserte eller anonyme opplysningar kan identifiserast. Avidentifiserte opplysningar skal tilsvara anonyme opplysningar, bortsett frå at datasettet kan innehalde ein nøkkel som peikar tilbake til ein personidentifikator. Opplysningane er anonyme for den som ikkje har tilgang til nøkkelregisteret. Dei reknast som avidentifiserte fordi dei teknisk sett kan re-identifiserast. Ved avidentifisering fjernast direkte identifiserbare opplysningar som namn og fødselsnummer, og så mange tilleggsopplysningar at datasettet ikkje er re-identifiserbart. Ein bør vere oppmerksam på at ein kombinasjon av opplysningar kan gjere at data peikar tilbake til eit så lite tal på personar at dei i praksis står fram som identifiserbare.

Opplysningane er avidentifiserte dersom namn, personnummer eller andre personeintydige kjenneteikn er erstatta med eit nummer, ei kode, fiktive namn eller liknande, som viser til ei åtskilt liste med dei direkte personopplysningane (Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS. Personvernombudet for forskning, udatert). Den

² Definisjonen av avidentifisering kjem lenger nede i kapittelet.

einaste måten å identifisere enkeltpersonar i eit avidentifisert datamateriale skal vere gjennom namnelista/kodenøkkelen.

Eg har avidentifisert alle transkriberingane ved å fjerne dei direkte identifiserande elementa (namn og fødselsnummer) og opplysningar som gjer datasettet indirekte identifiserbart. Eg har gitt informantane fiktive namn. Eg har nytta ei namneliste der informantane sine direkte personopplysningar viser til deira fiktive namn. Denne lista er det berre eg som har tilgang til. I transkriberingane har eg fjerna opplysningar som yrke, bustadkommune, stadnamn, fritidsaktivitetar, alder på informant og partnar, kva kjønn barna har, klasse, etnisitet, og fødeland. Eg har ikkje fjerna tal på barn, og barna sin alder, ettersom dette har relevans til lovverket rundt fedrekvota og annan foreldrepermisjon. Eg har difor ved nokre anledningar heller skrive årstida og årstalet barnet vart fødd, i staden for konkret alder.

Ein transkripsjon er ei konkret omdanning av ein munnleg samtale til ein skriftleg tekst (Kvale & Brinkmann 2010: 192). Intervjuet har blitt transkribert i eit munnleg språk, og attgjeve slik dei var i sin heilskap. Dette inneber at latter, pausar og fyllord (til dømes: liksom, på ein måte, ikkje sant osv.) også har blitt skrive ned. Eg har valt å ikkje leggje så stor vekt på intonasjon, til dømes om informantane snakkar høgt eller lågt, men har enkelte gongar skrive nokre formuleringar i kursiv for å få fram ord som informantane vektlegger. Eg har markert kortare og lengre pausar med «..» og «...» i transkriberingane, då dette gir ei framstilling av samtalen og kan seie noko om korleis informantane fortel om dei ulike tema, om dei tenker seg om, eller synest det er vanskeleg å setje ord på enkelte tema. Det ordrett transkriberte munnlege språket kan vise seg som usamanhengande og forvirra tale, og også som indikasjon på svakt intellektuelt nivå, og enkelte informantar opplever det kanskje som ubehageleg å lese sine eigne intervju (Kvale & Brinkmann 2010: 195). Det kan vere hensiktsmessig å gjengi utsegna på ein meir samanhengande måte dersom transkriberingane skal bli sendt tilbake til informantane. Dette har eg vist omsyn til i transkriberingane. Ettersom eit munnleg språk kan sjå noko merkeleg ut når det er nedskrive har eg valt å transkribere intervjuet på nynorsk i staden for å bruke dialektord.

Dei transkriberte intervjuua vart sendt til informantane, med eit følgjebrev for deira samtykke (sjå appendiks 3). Dermed kunne dei lese gjennom dei nedskrivne intervjuua og sjå korleis eg hadde valt å aidentifisere dei. Dei fekk også moglegheit til å kontakte meg dersom det var noko dei ønskte å leggje til eller korrigere.

Etter Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD) si tilråding vil alle lydopptak bli sletta etter at masteroppgåva er ferdig, det vil seie innan utgangen av 2016. Dei transkriberte intervjuua og namnelistene vil bli oppbevart ved Etno-folkloristisk arkiv ved Universitetet i Bergen så lenge arkivet eksisterer.

Kapittel 3: Å bli far

I dette kapittelet vil eg fokusere på småbarnsfedrane sine forteljingar om og refleksjonar rundt det å bli far for første gong. Eg vil her ta for meg kva tankar småbarnsfedrane har knytt til tre stadium som omhandlar det å bli far: førebuinga til å bli far, opplevinga av denne overgangen og korleis dei reflekterer over eventuelle endringar som har kome med rolla som far. Eg vil analysere deira forteljingar med omsyn til kva haldninga dei viser til farskap. Eg vil vidare peike på forskjellar og likskapar mellom småbarnsfedrane med omsyn til dette. Problemstillinga for kapittelet er følgjande: Kva oppfatningar av farskap kjem fram i mennene sine forteljingar om å bli far?

Førebuing

Det er variasjon i korleis småbarnsfedrane fortel om i kva grad dei eventuelt førebudde seg til å bli far, og korleis denne overgangen vart opplevd. Gjennom forteljingane deira kjem det til syne ulike tilnærmingar til førebuinga til å bli far, og eg vil dele småbarnsfedrane inn i to ulike kategoriar når det gjeld dette. Det er nyanser innanfor desse to kategoriene, og det er også ulike gradar av førebuing innanfor kvar av kategoriene.

Småbarnsfedrane i den eine kategorien viser ei tilnærming til førebuinga som noko skjer undervegs, kjem av seg sjølv, eller som ein tek slik det kjem. Denne tilnærminga kjem fram gjennom korleis Jan fortel. Jan tenkjer ei stund over om han førebudde seg på noko spesielt. Han seier at månadane i svangerskapet på ein måte er ei førebuing for alle. Han nemner vidare at han og kona laga til eit eige rom til barnet og byrja å handle inn utstyr som dei kom til å trenge, som ein del av denne førebuinga.

Ei liknande tilnærming kjem til syne hos Thomas. Han seier at han ikkje førebudde på å bli far for første gong, men at det kom av seg sjølv. Samstundes avvikla han ein del aktivitetar, og gav beskjed om at han ikkje kunne vere med på desse lengre. Han førebudde dermed omgangskretsen sin på denne endringa som ville kome:

Thomas: Prøvde liksom bevisst å førebu dei eg kjenner som liksom var involvert i det, om at for meg, så utgår dette. Sånn må det vere. Men å kalle det førebuing, det er å overdrive. (Intervju nr. 7, s.10-11).

Det å bli far inneber for Thomas ei endring i kvardagslivet, som han førebusatte omgangskretsen sin på. Han såg på det som ei sjølvfølgje at det å bli far ville innebere nye forpliktingar, som ville kome i forgrunnen for aktivitetar han deltok i før. På denne måten skapte han rom for farskapet.

I den andre kategorien er fedrar som gjennom sine forteljingar synleggjer forventningar om aktiv førebuing for fedrar. Rune er ein av dei, og han gjekk aktivt inn for å førebu seg på å bli far. Han forsøkte å setje seg inn i alt mogleg angåande barnet. Han nemner at han mellom anna tileigna seg kunnskap frå Internett, og såg i brosjyrar frå helsestasjonen. Han forsøkte mellom anna å setje seg inn i det som gjaldt kva ein bør vere obs på, også angåande kosthaldet til barnet.

Geir las også litt og deltok mellom anna på svangerskapskurs. Han påpeiker vidare at han ikkje var av dei som hadde lest seg skikkeleg opp, men seier at han var litt førebudd:

Geir: Eg var ikkje sånn, eg var ikkje av dei som på ein måte.. hadde lest meg skikkelig opp, og liksom no kunne eg alt om sånn den motoriske utviklinga til spedbarnet dei første tre månadane, liksom. Det var ikkje på det planet. Men, ja. Eg var litt førebudd. (Intervju nr. 2, s. 19).

Forteljingane til småbarnsfedrane viser at det er variasjon i kor vidt og korleis dei førebusatte seg, og ein ser ulike tilnærmingar til det å førebu seg på å få barn. Medan fedrane i den første kategorien fortel at dei ikkje førebusatte seg på noko særskilt, men heller gjorde omgjevnadane klare for barnet, i form av innreiing av barnerom og avvikling av aktivitetar, kjem det fram andre haldningar til fedrar sin førebuing i den andre kategorien. Medan ein småbarnsfar fortel at han gjekk aktivt inn for å førebu seg på å bli far, ser ein annan småbarnsfar si førebuing opp mot dei som set seg grundig inn barn si utvikling. Desse forteljingane kan ein moglegvis tolke som at fedrane ser sine førebuingar i lys av ei forventing om aktiv førebuing for fedrar.

Det som går igjen i forteljingane, er at dei aller fleste av småbarnsfedrane seier at dei ikkje førebudde seg *så* mykje til det å bli far. Småbarnsfedrane syner altså eit slags samanlikningsgrunnlag angåande fedrar sin førebuing. Dette seier noko om at småbarnsfedrane føreheld seg til forventningar om at, korleis og i kor grad fedrar skal førebu seg, som dei tolkar seg sjølve i forhold til.

Kristian kan plasserast i den sistnemnte kategorien, og eg vil i det følgjande sjå nærmare på korleis han reflekterer rundt sin førebuing til å bli far. Også Kristian tolkar seg i lys av ei forventing om førebuing, då han hadde forventningar om at han skulle lese mykje meir enn han gjorde. Han og sambuaren følgde svangerskapet gjennom ei veke for veke-bok over svangerskapet. Han tenkjer at han deltok litt meir indirekte, og at det var ho som følte mest eigarskap til svangerskapet. Han følte at det var deira barn, men når det gjaldt spørsmålet om det var *dei* eller *ho* som var gravid, så følte han ei stund meir at det var ho. Dette såg han i samband med stadia i svangerskapet. Ho merka mykje tidlegare på kroppen at noko er i ferd med å skje. Det vart heilt annleis på seinare stadium, der ein merka at det var noko som sparka og levde, og ein fekk ein interaksjon. Då var det på ein måte lettare å knyte seg til barnet.

Kristian sine refleksjonar rundt førebuinga til å bli far syner eit ideal om og ei forventing om å vere ein deltagande far, der det å vere deltagande i svangerskapet også er ein del av det å bli far. Dette idealet kjem til syne gjennom hans forventningar til sin eigen førebuing (for eksempel det å lese mykje), og at han saman med sambuaren sin følgde svangerskapet gjennom ei veke for veke-bok. Ikkje minst kjem dette idealet om deltaking til syne ved at han reflekterer rundt eigarskapet til svangerskapet og kven som er gravid, der han tenkte at han sjølv også var gravid. Korleis han tenkjer rundt dette syner eit ønskje om å knyte seg til barnet gjennom svangerskapet. Dei biologiske og kroppslege skilnadane mellom eit par som venter barn, og korleis han opplever desse, er her med på å skape eit skilje for i kor stor grad han følte at han deltok, der han følte at han deltok meir indirekte. Etterkvart som at han fekk ein interaksjon med barnet følte han at det var lettare å knyte seg til det. Det er interessant at Kristian fortel at han tenkte at *dei* var gravide. Kvar kjem forventningane om å dele det fysiske frå? Desse forventningane seier noko om at forståinga av farsrolla har endra seg. Det har vakse fram eit ideal om at

far skal vere deltakande i alle fasar av reproduksjonen, og mange likestillingsorienterte par seier «vi er gravide» (Førde 2010). Mange partnarar opplever truleg samstundes at dei blir «nummer to» samanlikna med den gravide kvinna. Det kan synast som om kvinnekroppen blir eit hinder for mannen sin deltaking, og forståinga av han som delaktig.

Opplevinga av overgangen

Dei fleste av småbarnsfedrane i undersøkinga opplevde det som ein merkbar og stor overgang å bli far. Kristian snakka mykje med andre om at han og sambuaren skulle få barn, og fekk ein del råd frå andre foreldre. Eitt av råda som han hugsar best, var at han måtte vere førebudd på alle moglege slags kjensler, og at alle typar kjensler er normale. Han tenkjer at det var eit ganske godt og litt «usminka» råd, som stod i kontrast til dei litt distanserte eller støttande tilbakemeldingane om at det kjem til å bli ei fantastisk oppleving å bli far. Kristian opplevde det som ei stor omstilling å bli far for første gong, ei omstilling som han trur han ikkje var klar for. Han tenkjer at rådet om at alle kjensler er normale gjorde at han ikkje hadde så sterkt skuldkjensle eller därleg samvit då han vart far, og opplevde ei stor omstilling. Kristian prøvde å førebu seg på omstillinga, men erfarte at denne opplevinga er vanskeleg å ta innover seg på førehand:

Kristian: Prøver jo å på ein måte gjere seg klar for den. Tenkjer på korleis det her skal bli. Ser liksom barnesenga og barneklede som kjem inn i huset. Det gjer jo noko med deg, ikkje sant. Men å verkeleg forstå at no skal dette her ta nesten all tid, og ja. Alt du må tilpasse deg, både i forhold til sambuar og i forhold til heile livssituasjonen, eigentleg. Så det er jo.. Ja. På godt og vondt ei stor omstilling.
(Intervju nr. 4, s.16).

Dei hadde gjort ting klart for barnet som skulle kome, og han førestilte seg korleis det kom til å bli. Sjølv om at han var førebudd på denne måten, opplevde han den store endringa dette ville gi i livssituasjonen som ei stor omstilling. Jan har liknande erfaringar når det gjeld korleis overgangen vart opplevd, men skilnaden ligg i kva som blir vektlagt når han fortel om den. Sjølv om dei hadde alle tinga klare, og hadde satt av tid til barnet,

så opplevde Jan at det var eit slags sjokk, den dagen dei kom heim og sette bilstolen på golvet:

Jan: «Ok. Kva no?» He-he. Dette er på ein måte noko nytt utan bruksanvisning. Så det er sånn. Den syntest eg var litt sånn rar. Men det trur eg vi følte på, begge to, då vi kom heim her, og satt oss ned, liksom, og satt med den bilstolen midt på golvet, og.. «No veit vi ikkje kva vi skal gjere». He-he. Den var liksom. Det var rart. (Intervju nr. 3, s. 12).

Han trur ikkje at ein kan førebu seg på denne overgangen, men det tok ikkje lang tid før tilveret vart opplevd som naturleg.

Morten sine opplevingar skil seg frå Kristian og Jan sine. Han opplevde ikkje det å omstille seg til den overgangen det er å bli far som så vanskeleg, og følte at det skjedde heilt naturleg. Det vart ein mjuk overgang. Då barnet var lite, og sov mykje, så kunne dei til dømes framleis gå på fest og middagsbesøk. Han synest at det gjekk heilt fint, sjølv om det var ting han sakna. Barnet sov godt heilt frå byrjinga av, slik at han alltid fekk pausar til å hente seg inn igjen. No, derimot, har dette endra seg litt. Barnet er 16 månadar gamalt, og er meir aktiv og vaken, og krev mykje meir. Dette gjer at han plutselig føler seg litt meir isolert, og tenker ofte at det ofte er enklast berre å vere heime. Det er først no han verkeleg merker overgangen, og at det krev mykje energi å ha eit lite barn.

Småbarnsfedrane vektlegg ulike ting når dei fortel om korleis overgangen vart opplevd. Forteljingane viser at det er skilnadar i når småbarnsfedrane klarte å omstille seg. Kristian opplevde at det å bli far på godt og vondt var ei stor omstilling, som han trur han ikkje var klar for. Sjølv om han prøvde å førebu seg på denne omstillinga, var opplevinga då den skjedde vanskeleg å ta innover seg på førehand. Jan fortel at overgangen var eit sjokk, og ei rar oppleving. Den er noko han ikkje trur ein eigentleg kan førebu seg på. Det tok likevel ikkje lang tid før tilveret vart opplevd som naturleg. Morten, derimot, opplevde ikkje det som så vanskeleg å omstille seg til det å bli far, og følte at det skjedde heilt naturleg. Overgangen har heller vore mykje meir merkbar i seinare tid. At det å bli far blir opplevd som ein overgang og ei omstilling på eitt eller anna stadium i

småbarnstida viser at fedrane er involvert i foreldreskapet, og at det å bli far er noko som har innverknadar i deira liv. På kva måte blir livet endra som følgje av å bli far? Korleis opplever småbarnsfedrane dei endringane denne nye rolla medfører? Dette er nokre tema som eg vil sjå nærare på i neste del av kapittelet.

Refleksjonar over den nye rolla

Fleire av småbarnsfedrane reflekterer rundt at det å bli far innebar nokre endringar i korleis dei oppfatta seg sjølve, og om dei endra seg som følgje av å bli far. Kristian hugsar at då han hadde fått det første barnet, var han ganske lenge bestemt på at han ikkje skulle endre så mykje på kven han var:

Kristian: At eg ikkje skulle liksom bli *pappa*.. Men det er ikkje normalt å gå rundt å tenkje sånn. He-he. At ein skal vere, liksom, seg sjølv. Ikkje vere noko anna. (Intervju nr. 4, s.16-17).

Det å bli far inneber for Kristian at det blir ein annan type prioriteringssituasjon, og ein kan ikkje gjere alt som ein gjorde før, i like stor grad. Både han og sambuaren hans beheldt mykje av livsstilen frå då dei var studentar då dei byrja å jobbe, i form av at dei deltok aktivt i kulturlivet. Etter å ha blitt foreldre har ein ikkje lenger den same moglegheita til å prioritere på den måten, fortel han. Han blir sitjande mykje heime på ettermiddagane, og har lyst til å gjere andre ting, og har lyst til å «vere ein person som gjer andre ting». Han seier at denne situasjonen har ein innverknad:

Silje: Du sa det med at du på ein måte ikkje ville bli, kva skal eg seie, altså *pappa*, på den måten. Kva legg du på ein måte i det?

Kristian: Det er jo litt sånn vagt og stereotyp, kanskje. Men det er jo liksom den kjensla av at.. At ein del legg om heile livet sitt, då, for at desse barna skal få plass. Og at det følast på ein måte unaturleg, at ein skal.. Tenkte eg i alle fall då. At ein skulle få mange nye interesser, og liksom gløyme seg sjølv som enkelperson i det. Kanskje endre stil, eller endre smak, eller. Eg veit ikkje heilt kva eg tenkte. Men det er.. Ja. Noko i den retninga, då. Men det er jo... Sånn i

ettertid, så er det jo... Sjølv om eg framleis tenkjer litt det å halde på den der, og saknar det her gamle livet, at eg på ein måte har lyst til å vende tilbake til det når ungane blir større og alt sånn... så er det jo vanskeleg å *ikkje* gå opp i den. Ein må jo på ein måte bruke tid og prioritere på ein måte. Og det tek merksemda vekk frå andre ting som kanskje var viktigare før. (Intervju nr. 4, s.17).

Kristian hadde ei førestilling om at det å bli *pappa* innebar for mange at ein måtte gjere store endringar i livet for barna si skuld, og at dette ville innebere at ein kom til å endre seg sjølv på fleire måtar, noko han følte var unaturleg. Han har framleis nokre av dei same tankane, men ser i ettertid at det er vanskeleg *ikkje* å gå opp i papparolla, ettersom nye prioriteringar tek merksemda vekk frå ting som kanskje var viktigare før.

Kristian sine refleksjonar rundt kva førestillingar han hadde om kva det inneber å bli far fortel noko om kva forventningar til farskapet fedrar møter, og i kva grad desse forventingane påverkar ein. Føreheld fedrar seg til sterke forventningar om barneorienterte maskulinitetar eller svært deltagande farsroller? Dersom desse forventningane er veldig sterke, vil kanskje farsrolla bli oppfatta som «unaturleg», som i Kristian sitt tilfelle? At Kristian ikkje ønskte at den nye rolla skulle medføre drastiske endringar for han som person er også interessant på fleire måtar. Det kan seie noko om eit forventningspress som han opplevde, og også noko om korleis han betraktar andre fedrar.

Kristian fortel vidare at han ikkje veit om han, etter å ha blitt far, har endra seg i den retninga han tidlegare hadde frykta. Han har prioritert farsrolla, og har latt den kome i forgrunnen. Det er mange omsyn som ein må vise, og til dømes har han prioritert å vere heime på kveldstid, eller å ikkje kome for seint heim dersom han har vore ute på ein bytur. Ein må ta ei stilling til om ein skal vere ein god far, eller om ein skal halde på det gamle livet, seier han. I desse situasjonane tenkjer han at han har gått i ei retning som han kanskje ikkje trudde at han skulle gjere før. Han reflekterer rundt i kor stor grad det å bli far har endra verdisynet hans. Han er til dømes framleis like glad i å gå ut og ta ei øl med vennar eller å gå på konsert. Korleis han gjer dette har endra seg frå då han var i tjueåra, men det er meir som følgje av at han er blitt eldre. Mange av dei tinga han pleidde å gjere då han var i tjueåra var dessutan motivert av at han kjeda seg på grunn av at han hadde

meir fritid på kveldstid. Dei tinga som han har synest har vore viktige å gjere har ikkje endra seg så mykje, men dei har kome meir i bakgrunnen, og barna har blitt prioritert, ettersom dei er blitt viktigast no. Livssituasjonen hans har mykje å seie for korleis han prioriterer. Han er meir sliten på kveldstid enn han pleidde å vere, og då fristar det ikkje å ta seg ein tur ut på byen.

Medan Kristian hadde ei førestilling om at det å bli pappa innebar for mange ei – etter hans syn – unaturleg endring, og ganske lenge hadde vore bestemt på at det å bli far ikkje skulle føre til at han endra så mykje på kven han var, hadde Thomas ei anna tilnærming til endringane som ville kome som følgje av å bli far. Thomas fortel at han endra seg som person etter å ha blitt far. Han viser også ei anna haldning til denne endringa:

Thomas: Viss du har ein illusjon om at det ikkje kjem til å skje ei forandring, ja, då kjem du til å få ei kjempestor overrasking. Og det er veldig... Det blir ein heilt sånn meiningslaus aktivitet å prøve å.. på ein måte.. Eller, det å insistere på at du er den same. Altså.. Når eitt liv byrjar, så sluttar eit anna. (Intervju nr. 7, s. 9)

For Thomas inneber det å bli far ei stor endring i livet, som også vil endre ein sjølv som person: det livet ein levde før ein fekk barn tek slutt når ein får barn. Han seier vidare at det vil gå ut over ein sjølv, og etterkvart også eins familie, dersom ein insisterer på å ha det på same måte som før. Thomas merker sjølv mest av endringane ved at han ikkje lenger deltek så mykje i dei typane aktivitetar som han kanskje ville ha prioritert før, og som han syntest var viktig før. Dersom han har tenkt å gå ut på byen må det planleggjast nøye for at han kan gjere det. Han er far til to barn, og merker at det blir veldig slitsamt dagen etter han har vore ute på byen. Han synest også at det blir veldig usolidarisk mot partnaren, ettersom det betyr at ho då må ta «heile støyten».

Han fortel også at han har blitt ein annan, han er blitt meir oppteken av barn:

Thomas: Så det... Du er meir.. Du skifter jo fokus. Men det gjeld jo alle livsfasar, det då. Altså, når ein er student så har ein *det* fokuset. Når ein er barn, så er det jo liksom den verda. Altså, livet er sånn. Eg tenkjer at livet er valdsamt keisamt, då. Viss du skal seie at sånn som du hadde det då du var 30, sånn skulle det vere til du

var 60. Det hadde jo blitt utruleg.. Eg trur at du blir eit veldig keisamt og litt grunt menneskje av det. Det er sikkert mange som er.. kor dette ikkje stemmer. Men eg tenkjer det at livet er ei lang reise, og den bør innehalde mange ting. Og viss ein kan, og har lyst, så er barn ein sånn stor ting. (Intervju nr. 7, s. 10).

Thomas meiner at ein skiftar fokus når ein får barn. Han tenkjer at livet ville vore keisamt dersom ein ikkje endra seg. Han skildrar livet som ei lang reise, og at det å få barn kan vere ein stor ting i den reisa. Thomas seier at når eit liv byrjar, så sluttar eit anna, og viser med dette ei anngleis innstilling til farskapet, enn kva som kom fram i Kristian sine refleksjonar rundt kva han la i det å vere *pappa*. Ein kan tolke det til at Thomas ser på det som naturleg å endre prioriteringane i livet når ein blir far. Dette skil seg frå Kristian sine refleksjonar, der han lenge såg på det å bli pappa som noko påtatt og unaturleg.

Bjørn har også endra seg etter at han fekk barn. Han tenkjer at ein skal vere eit slags førebilete for barna, og fortel at det å få barn har inspirert han til å bli meir aktiv på mange område:

Bjørn: Til dømes, eg hadde ikkje vore på ski i årevis, sant. Men når du får barn så må du liksom få ræva opp av sofaen.

Eg: Ja, og får litt meir lyst til å..

Bjørn: ..å aktivisere ungane og seg sjølv, og vise ungane at du er liksom... Altså, foreldre er jo ofte verdens døllaste og khipaste personar, sett frå ungane sin ståstad. I alle fall når dei blir litt større. Ja, så eg meiner at det er noko ein må i alle fall prøve å ikkje vere, då. Ein *treng* ikkje å vere verdens døllaste og khipaste person...sjølv om ein har barn.

Eg: Ja, vere ein god rollemodell, ta dei med på ting, og..

Bjørn: Ja. Altså, ungane blir jo frustrert dersom foreldra berre er heilt sånn apatiske og late og daffe, og. Sånn vil eg ikkje vere, då. (Intervju nr. 1, s.9-10)

Han fortel vidare at det å vere aktiv, og å ta med barna på aktivitetar har blitt mykje viktigare etter at dei fekk barn. Det å få barn førte til ei endring, der han kom seg i aktivitet igjen.

Geir skildrar det som ei skilsetjande oppleving å få barn. Han vart far for første gong kort tid etter dødsfallet til sin eigen far. Dette var ei oppleving som synest er vanskeleg å setje ord på, og forklare. Han forandra seg gjennom den opplevinga. Både han sjølv og tilværet vart djupare. Denne kombinasjonen av hendingar gjorde at det vart veldig spesielt. Desse hendingane var kanskje var med på å gjere noko med korleis han tenker grunnleggjande om verdiar i livet, og kva som er viktig, og flytta det opp til eit meir eksistensielt plan. Han opplevde å få eit slags klarsyn på kva han skal prioritere i livet:

Geir: Men, ikkje sant, det det landa på.. er jo relasjonane igjen, ikkje sant. Det er ditt fellesskap, og forhold til andre menneske. Og då, gjerne dine aller nærmaste. Kven no det der. Men det kan jo då.. Viss du har born, så er det gjerne borna dine. Og viss du har ein partnar, så er det det. Også familien din. Og erkjenninga av at det her er liksom, det her er.. This is it. Den kan vere veldig bra å ha med seg. (Intervju nr. 2, s.30-31).

Det synest å vere tydeleg at det å bli far har hatt innverknad på livet til småbarnsfedrane, både med omsyn til korleis livet har endra seg og til korleis dei opplever at dei sjølve har endra seg. Det kjem fram ulike haldninga til det å skulle endre seg sjølv som person når ein blir far. Kristian fortel at denne endringa lenge vart opplevd som «påtatt» eller «unaturleg». Han ønskte lenge ikkje å gje slepp på den han var før han fekk barn, samstundes som han skulle inkludere det å bli far i korleis han forstod seg sjølv. Han reflekterer også rundt korleis dette er no, og kva tankar han har om å bli far, og fortel at det handlar om korleis han vel å prioritere. I motsetning til kva som kjem fram i Kristian sine forteljingar, så syner dei andre forteljingane eit behov eller ønskje om å endre seg når ein får barn. Thomas ser på denne endringa som eit følgje av det å få barn. Det er noko ein må, både med omsyn til barnet og mor til barnet. Ein skiftar fokus når ein får barn, fortel han, og det er meiningslaust å prøve å insistere på at ein er den same etter at ein har fått barn. Denne endringa er også noko han ønskjer og er motivert for, noko som

kjem fram i korleis han reflekterer rundt dei ulike livsfasane. Bjørn viser ei liknande innstilling. Han fortel om eit ønskje om endring for barna si skuld. Det å bli far ført til ei endring der han har blitt inspirert til å vere meir aktiv og å ta med barna på aktivitetar, og at dette har blitt mykje viktigare for han som følgje av å ha blitt far. Han ønskjer å vere ein aktiv rollemodell for barna sine. Geir fortel også om eit ønskje om endring som følgje av å ha blitt far, og han opplevde ei erkjenning av kva som er viktig i livet, og av viktigheita i å prioritere relasjonane i familien sin. Tema som er knytt til prioriteringar går igjen i forteljingane deira. Endringar i prioriteringar blir eit følgje av det å bli far. Det kan tenkjast at endringar i korleis dei prioriterer er ein sentral del av det å bli far, og har innverknad på kva sjølvforståing dei har etter å ha blitt fedrar.

Oppsummering

Empirien som har blitt drøfta viser ein variasjon i kor vidt fedrar førebur seg på å bli fedrar, og viser ulike tilnærmingar til denne førebuinga. Samstundes har eg argumentert for at desse forteljingane syner at fedrar stillar seg til – og dermed tolkar seg sjølv som fedrar ut frå – forventningar om at, korleis og i kor grad menn skal førebu seg på farskap. Ein far reflekterer mellom anna rundt eigarskapet til svangerskapet, der han tenkjer at han sjølv også var gravid. Her kjem det til syne eit ønskje om å knyte seg til barnet gjennom svangerskapet. Hans tolking av dei kroppslege skilnadane skapar her eit skilje for i kor stor grad han følte at han deltok. Mennene sine forteljingar om førebuinga til å bli far syner ei oppfatning av at det å vere deltagande er ein del av farskapet.

Det å bli far blir opplevd som ein overgang og ei omstilling på eitt eller anna stadium i småbarnstida. Eg har argumentert for at dette viser at fedrane er involvert i foreldreskapet, og at farskapet er noko som har innverknad i menn sine liv.

Fedrane sine refleksjonar over den nye rolla viser at det å bli far er noko som har hatt innverknad på liva deira. Den har ført til endringar både når det gjeld sjølve livet deira, samt hos dei sjølve som individ. Det ser ut til at endringar i korleis ein prioriterer er ein sentral del av farskapet, og er noko som har innverknad på kva sjølvforståing menn har etter å ha blitt fedrar.

Kapittel 4: Korleis foreldrepermisjonen har blitt nytta

Kapittel 3 viste at mennene opplevde det som ei stor omstilling å bli far for første gong. Fedrar stiller seg til forventningar om førebuing, som dei tolkar seg sjølve ut frå. Fedrane er involvert i foreldreskapet, og det å bli far er noko som har innverknadar i liva deira, både når det gjeld korleis livet har endra seg og korleis dei opplever at dei sjølve har endra seg. Småbarnsfedrane sine forteljingar om å bli far for første gong syner ideal om å vere deltakande fedrar.

Brandth og Kvande nyttar omgrepene *den farsvennlege velferdsstaten* for å skildre utviklinga i det norske foreldrepermisjonssystemet (Brandth og Kvande 2003: 62; Brandth og Kvande 2013b: 14). Frå å vere permisjonar berre for mødrer, som opphavleg var meint å skulle beskytte mor og barn si helse, vart det i 1978 innført foreldrepermisjonar som gav både mødrer og fedrar rett til permisjon. Innføringa av ei eiga fedrekvote for fedrar der målsetjinga var å styrke far sin plass i barnets liv, var det tredje trinnet i denne utviklinga. Brandth og Kvande sin bruk av dette omgrepene gir difor namn til ei periode der far står i fokus.

Ifølgje Brandth og Kvande kan ein sjå på fedrekvota som ei suksesshistorie (Brandth og Kvande 2013b: 14). Den vart raskt nytta, og møtte lite motstand frå fedrar då den vart innført. Gjennom Mannsrolleutvalet var fedrane sjølve pådrivarar for ei slik reform, og dei var truleg veldig klare for å ta den i bruk då den kom (Brandth og Kvande 2009, referert i Brandth og Kvande 2013b: 14). I løpet av dei fem første åra var det ein auke frå fire til 85 prosent i talet på fedrar med rettigheiter som tok den i bruk (Brandth og Kvande 2013b: 14).

Fedrekvota vart innført i ei tid då utviklinga mot ei meir likestilt deling av arbeidet mellom kvinner og menn var godt i gang (Brandth og Kvande 2013b: 14-15). Dei endringane som har skjedd, kan ikkje åleine bli tilskrivne fedrekvota, men den har vore delaktig i å fremje dei. Etter kvart som fedrar er blitt meir involvert i den tidlege barneomsorga, har dei også tatt meir og meir ansvar for og del i husarbeidet.

Informantane i denne studien er i ulike situasjonar, og tidspunkta der avgjersler knytt til foreldrepermisjon har vore aktuelle er ulike, og dei har difor ikkje nødvendigvis nytta dei same permisjonsordningane. Det som er felles for småbarnsfedrane er at dei mellom anna har hatt konkret høve til å nytte ei fedrekvote, samt ein delbar foreldrepermisjon. Ettersom oppslutninga rundt bruken av fedrekvota har vore så stor, vil eg i dette kapittelet sjå nærmare på korleis småbarnsfedrane har nytta fedrekvota og korleis dei har fordelt den delbare foreldrepermisjonen med mor til barnet. Avslutningsvis vil eg drøfte korleis ein kan sjå fedrar sin bruk av foreldrepermisjonen i lys av ideal om farskap.

Dette kapittelet tek utgangspunkt i følgjande problemstillingar: Kva har innverknad når det gjeld fedrar sin bruk av foreldrepermisjonen? På kva måte kan ein sjå fedrar sin bruk av foreldrepermisjonen i lys av ideal om farskap?

Forteljingane til småbarnsfedrane viser at det er fleire faktorar som har hatt innverknad når det gjelder fordeling og bruk av foreldrepermisjon. Eg har valt å presentere småbarnsfedrane sin permisjonsbruk inndelt i to kategoriar, der kategoriene tek utgangspunkt i kva småbarnsfedrane har veklagt som mest tungtvegande når det kjem til avgjersler om permisjonsbruk. Eg vil samstundes vise dei andre faktorane som har hatt innverknadar for permisjonsbruken.

Kristine Warhuus Smeby (2013: 152ff) har tatt for seg kva betyding ulik bruk av fedrekvota kan få for foreldra si oppleving av den første tida med eit lite barn og likestillingseffekten på relasjonen mellom foreldre som begge har heiltidsarbeid. Smeby nyttar tre analysekategoriar for dette: *familieorientert fedrekvotepraksis*, *jobborientert fedrekvotepraksis* og *likestillingsorientert fedrekvotepraksis*.

Eg vil nytte ein versjon av desse analysekategoriene som er tilpassa fokuset for kapittelet, for å skildre permisjonspraksisane til småbarnsfedrane³. Under ein *familieorientert foreldrepermisjonspraksis* er far heime saman med mor og barn i hans foreldrepermisjon (Smeby 2013: 152ff). Begge foreldra har ein felles periode utan forpliktingar overfor

³ Analysekategoriene har endra namn frå «fedrekvotepraksis» til «foreldrepermisjonspraksis», for å vere tilpassa fokuset for kapittelet mitt, men definisjonane på kategoriene er uendra.

arbeidslivet, og familien brukar mykje tid saman. Ein *jobborientert foreldrepermisjonspraksis* inneber at mor er i jobb, medan far kombinerer permisjonen med arbeid, anten ved å arbeide parallelt eller ved gradert uttak i løpet av veka. Fedrar i denne kategorien er heime åleine med barnet under permisjonstida, men jobben pregar likevel permisjonstida i større eller mindre grad. Ein *likestillingsorientert foreldrepermisjonspraksis* inneber at far tek ut foreldrepermisjonen på heiltid medan partnaren er i full jobb. Fedrar som har vore heime åleine med barnet over ei lengre periode utøver denne forma for foreldrepermisjonspraksis.

Ønskjer om å vere deltagande fedrar under småbarnstida

Nokre av småbarnsfedrane har veklagt ønsket om å ha ei deltagande rolle under småbarnstida som avgjerande for korleis dei har nytta foreldrepermisjonen. Jan er ein av småbarnsfedrane som vektlegg dette. Han nytta heile fedrekvota kombinert med åtte veker frå den delbare foreldrepermisjonen, og tok ut samanhengande permisjon. Han og kona hadde bestemt seg for å fordele foreldrepermisjonen på denne måten ganske tidleg, og dei ønskte at han skulle ta meir del av barnets oppvekst. Det som var avgjerande for denne fordelinga var at han hadde eit ønske om å delta i permisjonen, og å vere med på meir av den. Han ønska å ha ei deltagande rolle frå barnet var lite. Kona hans hadde også eit ønske om å ikkje vere ute av arbeidslivet så lenge. Kona hadde ferie i dei første fire vekene av hans permisjonstid, og dei reiste på ein utlandstur saman. Han synest dette var ei god løysing for å få ein overgang til permisjonen. Han slapp å førehalde seg til førespurnadar og e-postar i forbindelse med jobben, og dei kunne bruke denne perioden til å vere saman med barnet, og å gjere ting saman, og få ein overgang på permisjonen.

Jan utøver ein *familieorientert foreldrepermisjonspraksis* der han, kona og barnet deira reiste på ferie saman i dei første fire vekene av hans permisjonstid. Dette kjem også fram ved at desse første vekene vart nytta til å få ein overgang på permisjonen, der dei kunne bruke tid saman. Den resterande permisjonstida tok han ut samanhengande, og han valte å vere heime åleine medan kona var i jobb. Jan ønska å ha ei deltagande rolle i barnets liv

frå barnet var lite, og å nytte av den delbare foreldrepermisjonen i tillegg til fedrekvota. Dette viser at Jan har ein likestillingsorientert ideologi når det gjelder foreldreskap.

Geir vektlegg, i likskap med Jan, eit ønskje om å ha ei deltakande rolle under småbarnstida. Han har to barn saman med kona si. Han nytta heile fedrekvota samanhengande på det eldste barnet. Han hadde ein fleksibel jobbsituasjon, noko som gjorde at han hadde høve til å ta seg mykje av barnet. Han nytta heile fedrekvota og heile den delbare foreldrepermisjonen på det yngste barnet, då barnet var eitt år gammalt. Han kombinerte dette med om lag fire månadar med ubetalt permisjon, slik at han hadde totalt elleve månadar med foreldrepermisjon samanhengande. Han og familien hans budde i utlandet medan han var i permisjon, ettersom kona hans hadde eit prosjekt der. Geir hadde ein jobb som gjorde at han ville få bra betalt under permisjonen, og kona fekk ein del i stipend. Dei valte difor å fordele foreldrepermisjonen på den måten, slik at opphaldet vart økonomisk mogleg og forsvarleg. Når det gjeld kva som var avgjerande for at han var heime mest, fortel Geir at det var ein kombinasjon av at dei prøvde å gjere det slik at dei fekk best mogleg utbytte med omsyn til kva dei ønskte. Samstundes har dei vore samd om at begge skulle få ta del i småbarnstida. Han har også hatt ein klar tanke om at han ønskete å bruke tid saman med barna sine på eit tidleg stadium. Han er i ettertid glad for dei vala han gjorde, då han tenkjer dette har bidrøge til at han har fått bygt gode relasjoner til barna sine. Jan utøver ein *likestillingsorientert foreldrepermisjonspraksis* gjennom hans val om å vere heime åleine i foreldrepermisjon samanhengande.

Geir fortel at lengda på hans permisjonstid har hatt ein stor økonomisk innverknad i form av tapte lønsinntekter, og reflekterer rundt det:

Geir: Kan jo også legge til at, altså, gjennom desse to permisjonsperiodane mine, då, så har eg jo, då.. Viss ein skal sjå reint økonomisk på det, då, så har eg jo kasta ein masse pengar ut vindaugen. Vi snakkar sikkert om fleire hundre tusen kroner, ikkje sant. Viss ein skulle rekne det om i løn. Som eg då kunne fått.

Silje: Kva tenkjer du om det? Tenkjer du at det...?

Geir: Nei, altså, eg tenkjer at.. Eg har jo visst det, og gjort det valet. Og det er ikkje som at det har ført til at eg har vore nøydd til å leve på, liksom, havregryn og.. Det har, eg har hatt eit greitt liv, sjølv om eg har ofra *det*. Og.. i ettertid, så er eg heilt.. Eller, heile vegen, så er det heilt klart for meg at.. dei, så nær sagt, tapte lønsinntektene, eller dei pengane, då, er.. Det betyr eigentleg ingenting. Og det er ei vel verdt investering. He-he. For å seie det sånn. (Intervju nr. 2, s.31)

Geir reflekterer rundt kva innverknad tap av lønsinntekter har hatt for hans val om å nytte ein stor del av foreldrepermisjonen. At han problematiserer dette kan tyde på at han har ei noko ambivalent haldning til dette valet, då det har hatt ein økonomisk kostnad. Han konkluderer likevel med at det har vore eit bevisst val å nytte ein stor del av foreldrepermisjonen, der han har vore medviten om at dette valet ville medføre tapte lønsinntekter. Han ser på permisjonstida si som ei investering i barna, og den har hatt større betydning enn den økonomiske kostnaden det har hatt.

Yrkessituasjonen sin innverknad

Yrkessituasjonen hadde ein innverknad for Bjørn sin permisjonsbruk. Han har to barn to barn saman med kona si. Han nytta heile fedrekvota på det eldste barnet. Kona var student då dei fekk det eldste barnet, medan han var i fast arbeid. Sidan ho var student fekk ho utbetalt ein eingangsbetaling, i tillegg til eit stipend for den tida ho var i permisjon, og det var difor veldig lite gunstig for dei om han tok ut noko meir permisjon enn fedrekvota. Fedrekvota er øyremerkt til far, og det er difor ikkje mogleg å overføre den til mor. For Bjørn hadde det innverknad på hans val om å vere heime i permisjon. Han hadde ikkje tatt ut permisjon dersom han hadde sleppt det. Han fortel at det var lite gunstig, ettersom han var den einaste som arbeidde i hushaldet. På det yngste barnet nytta han heile fedrekvota, i tillegg til at dei valde å dele den delbare foreldrepermisjonen likt seg i mellom. Kona ville ikkje ha like lang permisjon som ho hadde førre gangen, og ønskte å kome fort tilbake igjen i arbeid.

Ved begge permisjonstidene sine utøvde Bjørn, i likskap med Geir, ein *likestillingsorientert foreldrepermisjonspraksis*, ettersom han tok ut foreldrepermisjon på

heiltid, og var heime åleine med barna over lengre periodar. Til skilnad frå Jan og Geir, er det ikkje nødvendigvis eit ønske om å vere deltagande under permisjonstida som har hatt størst innverknad på foreldrepermisjonsbruken hans, men heller yrkessituasjonen til han og kona. Han fortel vidare:

Bjørn: Det var ikkje sånn at eg hadde noko brennande ønske om å ha permisjon. Men altså, sidan ho hadde det på same måten, så delte vi det fifty-fifty. Det er liksom ikkje berre ein dans på roser å ha ein sånn permisjon. (Intervju nr. 1, s. 4)

Bjørn og kona hadde same innstilling til å ta ut permisjon, og delte den difor likt mellom seg. Han skildrar permisjonstida si, og tydeleggjer både dei positive og mindre positive erfaringane han hadde:

Bjørn: Det var eigentleg, det spesielle med den perioden då, det var at.. Det begynte om hausten [...], og då var det veldig fint vær, altså til å vere haust, så då gjekk eg eigentleg å trilla vogn heile dagen nesten, då. Så eg gjekk på [friluftsområde] og sånne ting som det. Då var jo ho så liten at.. Då låg ho berre oppi vogna. Så, ja. Då var vi på sånne utflykter, då. Det var vel eigentleg det eg gjorde. Men så var det sånn væromslag, då. Rett før jul så begynte det å snø, så vart det *veldig* kaldt. Då låg det sånn tjukt med snø i tre månadar, og det var bikkjekaldt, og det var så mykje forureining at du kunne nesten ikkje gå ut. Og då, då var det ganske trasig, altså. Då måtte eg vere inne omtrent kvar dag. Eg var ikkje spesielt mykje ute. [...] Då begynte det å bli litt meir klaustrofobisk, eigentleg. Så det var ikkje noko særleg. (Intervju nr. 1, s. 6)

Bjørn skildrar korleis værforholda påverka hans oppleveling av permisjonstida. Det er tydeleg at det var viktig for han å kunne vere i aktivitet ute under permisjonstida. Det å vere innandørs saman med barnet resten av permisjonstida vart opplevd som litt klaustrofobisk.

I likskap med Bjørn, har yrkessituasjon vore avgjerande for korleis Thomas og kona hans har nytta foreldrepermisjonen. Thomas har to barn saman med kona si. På det eldste barnet har han tatt ut samanhengande permisjon, der han har nytta heile fedrekvota

kombinert med fire veker frå den delbare foreldrepermisjonen. Med det yngste barnet har han nytta heile fedrekvota kombinert med tre veker frå den delbare foreldrepermisjonen.⁴ Han fortel at han har nytta foreldrepermisjonen fordi han har insistert på det, og synest det prinsipielt er viktig. Det yngste barnet var seks månadar gammal då Thomas byrja i 50 prosent permisjon, og han synest at barnet kanskje var litt for ung då han var heime i permisjon. Han fortel at barnet var litt for avhengig av mora, og det var litt hektisk dei første månadane, slik at han og barnet kanskje ikkje fekk eit kommunikativt utbytte av permisjonstida.

Thomas utøver ein *likesettingsorientert foreldrepermisjonspraksis* når det kjem til hans permisjonsbruk på det eldste barnet. Når det gjeld det yngste barnet, har partnaren sin jobb vore avgjerande for korleis og kor tidleg foreldrepermisjonen har blitt nytta. Ein kan seie at han og kona utøver ein *jobborientert foreldrepermisjonspraksis*, der han har hatt eit gradert uttak av foreldrepermisjonen som han har kombinert med arbeid. Det er likevel yrkessituasjonen til mor til barnet som har vore mest avgjerande for denne permisjonsbruken. Han viser også, i likskap med Jan og Geir, eit ideal om at det er viktig for han å vere heime med barnet. Thomas påpeikar samtidig at han syntest at barnet var litt for ung då han var i permisjon. Dette grunngjev han med at han ikkje fekk kommunisert like bra med barnet dei første månadane av permisjonstida, som han kunne med det eldste barnet. Han viser med dette at det å kommunisere, eller å knyte band, med barnet er viktig for han, og at det er noko han ønskete å få ut av permisjonstida si. Dette ønsket er noko som også kjem fram gjennom kva Jan og Geir fortel, der dei begge ønskete å ha ei deltagande rolle frå barnet var lite.

Yrkessituasjon har også hatt stor innverknad for Morten sin foreldrepermisjonsbruk. Korleis han har nytta foreldrepermisjonen sin er sterkest påverka av hans yrkessituasjon. Han har eit barn saman med kona si. Han hadde eigentleg planlagt å nytte fedrekvota etter at kona hans var ferdig med sin foreldrepermisjon. Nokre månadar før dei hadde

⁴ Han har hatt eit gradert uttak, der han har hatt ulik prosentdeling gjennom permisjonstida. Dei første månadane hadde han 50 prosent permisjon, på grunn av at kona hadde fått eit engasjement i 50 prosent stilling. Den siste delen av permisjonstida var han i permisjon ein dag i veka. Dette var fordi barnet hadde byrja i barnehagen, og dei ønskete at barnet skulle ha litt kortare tid der.

planlagt at han skulle byrje på permisjonstida si, fekk han tilbod om ein ny jobb der han ikkje hadde høve til å gå ut i samanhengande permisjon i den perioden dei hadde planlagt. Fordelane med jobben var at den var betre betalt, den ville innebere mindre reisetid enn den førre jobben og det var fleksible arbeidstider. Før han takka ja til jobben, rådførte han og kona seg med familien hans. Dei organiserte eit «spleiselag» der hans foreldre, ein slekting og kona hans gjekk ned i stillingsprosent i jobbane deira, slik at alle hadde kvar sin dag i veka der dei passa barnet, over ei tre månadars periode der han eigentleg skulle gå ut i permisjon. Han tok ut gradert permisjon i denne perioden, slik at han også var i permisjon ein dag i veka. Han har også tatt ut to veker med samanhengande permisjon, før barnet byrja i barnehagen. Morten har altså utøvd ein *jobborientert foreldrepermisjonspraksis*, der jobben har prega permisjonstida i større grad.

Han og kona ville ikkje at han skulle ta ut permisjon rett etter at barnet hadde byrja i barnehage, fordi dei følte at han ville falt utanfor det sosiale miljøet i barnehagen dersom dei gjorde det. Det er difor framleis ein god del av fedrekvota han ikkje har fått nytta. Morten fortel at dersom det ikkje hadde vore for den nye jobben, så hadde han truleg tatt ut fedrekvota samanhengande og kombinert det med ferie. Han trur ikkje han kjem til å ta ut resten av permisjonen sin samanhengande, ettersom barnet har byrja i barnehage. Hadde barnet ikkje byrja i barnehage, så hadde han truleg gjort dette.

Morten synest løysinga deira fungerte greitt, og at det var fint å ha den fleksibiliteten. Han kunne gjerne ha tenkt seg å ha vore heime med barnet samanhengande, men tilbodet om ny jobb hadde fordelar som ville ha positiv innverknad for framtida, noko som var ein sterk faktor i deira avgjersle. Han ville mellom anna ikkje hatt høve til å levele eller hente barnet i barnehagen dersom han hadde blitt i den førre jobben.

At fedrekvota er ei øyremerkte kvote for far er noko som truleg har hatt innverknad for Morten sin permisjonsbruk. Han fortel at det er naturleg for han å ha same storleik på sin permisjon ved neste barn, som han hadde høve til denne gongen, uavhengig av kva storleik fedrekvota vil ha då. Sambuaren hans var veldig klar på at ho likte å vere heime i permisjon, og ho såg ikkje fram til å byrje i jobb igjen. Han trur difor at han hadde hatt

ein kortare permisjon dersom fedrekvota hadde vore mindre. Ein kan ein sjå ein liknande tendens i statistikken til NAV, som viser at effekten av endringa av fedrekvota i 2014, der den vart redusert frå 14 til ti veker, blir vist ved at det blir stadig fleire fedrar i gruppa som tek 10 veker permisjon (NAV, 2016a). Morten fortel vidare:

Silje: Men tenkjer du at, no når den (*fedrekvota*) har blitt kutta ned til ti veker.. Korleis hadde du følt det med eit eventuelt neste barn? Å tatt ut meir enn det som er kvote på ein måte?

Morten: Nei, eg trur nok at eg. At det blir det same som det var denne gongen. Tolv veker. At eg tek gjerne to frå felles. Men eg trur ikkje at eg.. hm.. får trumfa gjennom meir enn *det*, sant. For ho har, i alle fall på denne, sant, så var ho veldig.. ho likte å vere heime.. Og for meg, sant, eg var ikkje vant til å vere heime. Så då var det no mykje lettare for meg å seie at «Ok. Viss du vil, så er det heilt greitt.»

Silje: Så det var på ein måte..?

Morten: Eg hadde no tolv veker. For meg høyrtest no det mykje ut.

Silje: Ja. Viss du hadde hatt muligheita, så ville du på ein måte.. ville du tatt meir, då? Viss det hadde vore på ein måte..?

Morten: For all del, det hadde ikkje vore meg i mot i det heile tatt.. Nei, sant. Det var ikkje noko i jobbsituasjonen våra, som tilsa at den eine eller andre hadde.. hadde det lettare med å ha permisjon, heller, sant, så.

Silje: Nei. Så det hadde ikkje vore noko økonomisk.. utslag, eine eller andre vegen, sånn sett, eller..?

Morten: Nei, det blir det vel ikkje. Nei. (Intervju nr. 5, s.7).

Morten kunne ha tenkt seg å ha vore heime i permisjon lengre, om det var høve for det, og det ville ikkje ha vore økonomisk utslagsgjevande dersom han tatt ut lengre permisjon. Morten sin forklaring på korleis han har nytta foreldrepermisjonen og korleis han kunne

ha tenkt seg å nytte den ved eit eventuelt neste barn, kan bli forstått ut frå Syltevik (2000:100) sine funn som viser at sjølv om at ideologien rundt farskapet er endra, slik at valet om å *ikkje* vere nærverande og omsorgsfull far er det som må grunngjenvæst, så inneber ikkje ideologien rundt det involverte farskap noko brot mot oppfatninga om at lønsarbeid høyrer med som ein vesentleg del av den mannlige identiteten. Når det er gjelder involvert farskap, handlar det om å kunne tilpasse lønsarbeid til farsoppgåva i kortare periodar, og ikkje om noko meir radikal omvelting i retning av at omsorga for barna blir overordna eigen lønskarriere. For å få kvardagen til å gå rundt, har Morten og kona aktivert storfamilien i ein form for moderne familiedugnad. Storfamilien har stilt opp slik at Morten sitt lønsarbeid kunne bli lagt til rette for i kombinasjon med fleksibel bruk av fedrekvota.

Mykje forsking vist at foreldrepermisjonen sin kjønnsnøytrale utforming ikkje har verka tiltrekkjande på fedrar (Brandt og Kvande 2003:77-78). Resultatet av dette blir at foreldrepermisjonen nesten utelukkande blir nytta av mødrer. Forklaringane på dette har gjerne vore at mødrer ikkje ønskjer å gi frå seg permisjonstid, og at menn er særskilt nølande til å ta på seg oppgåver som blir identifisert som feminine. Ein kan sjå denne tendensen hos Morten: Det at sambuaren trivst med å vere i permisjon, og at han opplevde det som uvant å vere heime, gjorde at det var lettare for Morten å gje avkall på å bruke av den delbare foreldrepermisjonen.

Oppsummering

Småbarnsfedrane sin permisjonsbruk har blitt presentert inndelt i to kategoriar som tek utgangspunkt i kva som har vore mest tungtvegande for korleis foreldrepermisjonen har blitt nytta. Gjennom dette har eg vist korleis ønskjer om å vere deltagande fedrar og kva yrkessituasjon fedrane og partnaren er i får innverknad på fedrane sin foreldrepermisjonsbruk. Vidare har fedrane sin permisjonsbruk blitt tolka ut i frå analysekategoriene *familieorientert*, *jobborientert* og *likestillingsorientert foreldrepermisjonspraksis*. Dette viser korleis fleire faktorar har innverknad for permisjonsbruken. Medan det gjennom Jan og Geir sine historier kjem det fram at permisjonsbruken har vore motivert i deira ønskjer om å skape relasjonar med barna,

kjem det gjennom Morten og Bjørn sine forteljingar mellom anna fram at mødrene sine ønskjer om både å nytte ein større – og ein mindre del av den delbare foreldrepermisjonen har hatt stor innverknad for deira permisjonsbruk. Thomas har liknande motivasjon som Jan og Geir for korleis han har nytta foreldrepermisjonen, då han også viser at det å knyte band med barnet er viktig for han. Samstundes synest han at barnet var for ung til at han kunne ha ein like god kommunikasjon med dette barnet, som han kunne med sitt eldste barn.

Gjennom fleire av småbarnsfedrane sine forteljingar kjem det fram at ønsket om å vere deltakande og nærværende fedrar er farsideal som har hatt ein stor innverknad for korleis dei motiverer sin foreldrepermisjonsbruk. Ifølgje Brandth og Kvande (2003: 147-148) er det den nærværende far som er den dominerande modellen på farskap. Den blir konstruert som motsetnad til den fråverande far. Diskursen om den nærværende far har ein likestillingskonsekvens ved at fedrar blir meir deltakande i familiearbeidet. Det er likevel ikkje likestillingsideal som er deira grunngjeving for å involvere seg med barnet, men barnet sjølv som er drivkrafta, og som trekkjer far heim. Fleire av småbarnsfedrane som er presentert i dette kapittelet viser denne motivasjonen til korleis dei vel å nytte foreldrepermisjonen; det er barnet som blir vektlagt som tungtvegande for dette valet. Sjølv om det er skilnad i kva faktorar som veg tyngst for informantane sin permisjonsbruk, så er det likevel tydeleg at noko som går igjen i forteljingane til mange av småbarnsfedrane er eit ønske om å vere deltakande fedrar og bruke tid saman med barna på eit tidleg stadium. Dette gjer dei mellom anna gjennom å nytte foreldrepermisjonen. Dei ønskjer å knytte sterke band, og å *byggje relasjonar* til barna sine. Eg vil difor hevde at ein kan sjå fedrar sin bruk av foreldrepermisjonen i lys av ideal om den nærværende far.

Fedrar si faktiske deltaking i omsorgsarbeidet aukar, og målt i tidsbruk nærmar fedrane si deltaking mødrenes (Kitterød 2013). Ei tolking av endringane i menn si deltaking er at den emosjonelt involverte faren er blitt den nye hegemoniske maskulinitetsforma i det nordiske landa (Nordberg 2007, referert i Aarseth 2013: 239). Å vere ein nærværende far er blitt den «rette måten» å vere mann på. Dei som lever opp til dette idealet er særskilt dei mest privilegerte mennene, og det blir hevdat at dei gjer det på måtar som opprettheld

deira dominansposisjon (Aarseth 2013: 239). Mine funn samsvarar med at den nærverande far er den dominerande modellen på farskap. Dersom ein ser dette ved bruk av Connell (2005) sin maskulinitetsteori vil eg vurdere det som at mine funn viser at fedrane inngår i ei medverkande maskulinitetsform. Medverkande maskulinitet representerer den posisjonen som fleirtalet av menn kroppsleggjer (Langeland 2008: 294; Connell 2005: 79-80). Denne maskulinitetsforma har ikkje same status som den hegemoniske, men nyttiggjer seg likevel av dei godane som blir oppnådd gjennom å understøtte denne posisjonen. Mennene som inngår i medverkande maskulinitet definerer seg inn under ein slags normativ og akseptert form for maskulinitet utan å aspirere til eller ha moglegheiter for å ta til seg ein hegemonisk posisjon (Lorentzen 2009: 127). Ut i frå mine funn understøttar fedrane posisjonen til den emosjonelt involverte faren. Ein kan sjå dette ved at fedrane sin foreldrepermisjonsbruk i lys av eit ideal om å vere nærverande fedrar.

Kapittel 5: Å vere far

I dette kapittelet vil eg undersøke nærmare kva uttrykk for kjønn og foreldreskap som kjem til syne i småbarnsfedrane sine forteljingar om og refleksjonar rundt det å vere far. Eg vil ta for meg kva tankar småbarnsfedrane har når det gjeld korleis dei forstår foreldrerolla si samanlikna med andre omsorgspersonar i barnet sitt liv.

Eg vil her ta utgangspunkt i problemstillingane: På kva måte har kjønn innverknad for korleis foreldreskap blir praktisert og forstått? Korleis forstår mennene si foreldrerolle samanlikna med andre omsorgspersonar i barnet deira sitt liv?

Småbarnsfedrane som eg har intervjuat i denne oppgåva har alle ein relasjon med mor til barnet, anten ved at dei bur saman og har ein parrelasjon, eller at dei har barn saman og delar på omsorgsretten for barnet saman med barnemor. Gjennom desse relasjonane skapar ein gjerne også relasjonar til svigerforeldre, som også ønskjer å involvere seg i barneomsorga. Ved å ta for meg korleis småbarnsfedrane omtalar sitt foreldreskap i samband med andre omsorgspersonar i barnet deira sitt liv, vil eg undersøke korleis kjønn har innverknad for korleis foreldreskapet deira blir praktisert, og korleis dei forstår seg sjølv som foreldre.

Eg vil ta utgangspunkt i forteljingane til fire småbarnsfedrar som er i ulike situasjoner: Den første småbarnsfaren fortel om korleis det er å vere far for eit barn når ein er skilt frå mor til barnet, og barnet må stilla seg til mor, far og deira partarar. Den andre småbarnsfaren fortel om korleis det er å vere far for eit lite barn når mor er den som har vore heime med barnet størsteparten av tida. Den neste småbarnsfaren er i gang med foreldrepermisjonen sin etter at mor har vore heime samanhengande over lengre tid, og fortel om korleis han opplever dette. Den siste småbarnsfaren fortel om korleis han opplever det å vere far når han er saman med barnet si mormor.

Oppteken av likskap som foreldre

Jan og mor til barnet er skilt, og har delt omsorga for barnet, der barnet bur femti prosent hos kvar av dei, fordelt over ei veke per hushald. Barnet er snart fem år gammalt, og Jan

har alltid hatt god kontakt med barnet. Då Jan var gift bytta dei gjerne på å vere åleine med omsorgsarbeidet i samband med at den andre var på jobb. Kona jobba ein del på kvelden, og han overtok omsorgsarbeidet når han kom heim frå jobb, slik at både han og barnet er vant med at han har omsorg for barnet åleine. Han har altså vore vant med å ha barnet åleine gjennom heile den tida dei var gift. Han understrekar at dette er noko ein må lære, og bli vant med, og at han set stor pris på at han fekk moglegheit til å gjere det. Barnet er vant med å vere med han, og dette har hatt positiv innverknad for relasjonen til barnet etter at han og kona vart skilt. Omsorgsfordelinga vart altså veldig naturleg, og vart ikkje opplevd som noko sjokk for nokon. Han fortel at det er nokre skilnadar mellom korleis han og mor til barnet er som foreldre. Desse skilnadane gjeld hovudsakleg aktivitetar som dei gjer saman med barnet. Jan er oppteken av at barnet skal ha ein aktiv kvardag, med fysisk aktivitet utandørs, medan mor gjerne er mykje meir flink til kreative aktivitetar innandørs saman med barnet. Når det gjeld oppseding er dei ganske like angåande grenser og verdiar, og dei er opptekne av å kommunisere med kvarandre og halde kvarandre oppdatert:

Jan: Grensar og verdiar og dei tinga er veldig lik, sant. Det trur eg nok. Vi har no ganske likt lynne, og lik måte å gjere ting på, og vi prøvar stort sett å kalibrere oss òg i forhold til kvar grensa skal gå, sant. Og sånn som no, så er ho litt sånn trassig, og fire og eit halvt år, og litt sånn vanskeleg, sant. Så då har vi gjerne nokre meldingar i løpet av ei veke, sant. «Korleis har ho vore hos deg?», sant. «Desse tinga opplever eg. Korleis har ho vore hos deg?»

Silje: For å halde det likt, då?

Jan: Litt sånn for å halde det sånn nokolunde på grensa, sant. Kva er ok, kva er ikkje ok. I alle fall i den.. Kva ho skal gjere sjølv, og kva som er greitt i forhold til.. Skal helst gå i prinsessekjole med «Hello Kitty» og alt det der, kvar einaste dag. «Er det ok, eller kva grense set du i forhold til dei tinga?», sant. Det bør vere littegrann likt.

Silje: Ja. Det skjønnar eg.

Jan: Sjølv om det blir to heimar. To. Altså, ein partnar på kvar side. For det er det her òg, sant. At det også er ne...

Silje: Det er viktig at det rett og slett er litt sånn..?

Jan: Ja. Det må vere litt likt. Det må vere likt. Sjølv om vi har forskjellige hus, og forskjellig ditt og forskjellig datt, så må det vere nokre ting som går igjen. (Intervju nr. 3, s.14-15).

Jan meiner at det er veldig viktig at forholda er litt like, sidan det er to heimar for barnet. Den situasjonen ein er i når ein er skilt, og deler på omsorga for eit barn, kan føre til nokre utfordringar når det gjeld det å vere far, ifølgje Jan.

Mor til barnet har sambuar, og Jan ser at dette har vore litt vanskeleg for barnet. No held Jan på å bli sambuar, og han tenkjer ein del på korleis det vil bli opplevd for barnet å måtte stilla seg til enda ein person som skal bu saman med barnet. Kjærasten til Jan har vore mykje saman med dei. Han ser at det er stor variasjon i kor greitt barnet synest det er at foreldra sine kjærestar er med på aktivitetar. Jan reflekterer også rundt korleis han vil vere som far i denne situasjonen, der barnet har to heimar og to steforeldre. Det er viktig for han å *vere far*, og å ikkje *berre gje etter*. Ein skal ikkje gje opp barna. Då Jan og eks-kona hadde samtale med Familievernkontoret, la personen dei snakka med sterkt vekt på at veldig mange fedrar som fekk ny partnar valde å gjere som den nye kjærasten ville. Dei vart fortalt at mange fedrar valde å gje opp tid med barna sine, dersom den nye partnaren ønskte det. Jan har halde sterkt fast på at dette er noko som ikkje kjem til å skje i hans tilfelle. Det er barnet hans som set premissa i hans liv. Barnet har akseptert at Jan sin kjæraste skal flytte inn, og at ho har blitt ein del av kvardagen deira, der ho deltek i aktivitetar saman med dei.

Jan seier at det er viktig for han å *vere far*, og å ikkje *berre gje etter*. Han set det å vere far opp mot ei form for passivitet der ein gjev etter for ein ny partnar. På denne måten viser han kva han vektlegg i sitt farskap: Det er ei aktiv og deltakande rolle, der barnet er høgste prioriteten. Det er ikkje noko han kjem til å velje vekk.

Jan reflekterer også rundt korleis denne situasjonen, der han har eit barn som han vil vise omsyn til, og prioritere, blir opplevd for hans komande sambuar, som i enkelte periodar føler litt på dette. I enkelte periodar er denne situasjonen noko som ho pregar ho. Det kan vere vanskeleg for ho at barnet hans tek meir plass, får meir merksemd, er med på å styre, og er styrande i det som skjer. Kjærasten til Jan ønskjer også å delta i oppsedinga. Sidan ho ikkje har vore med på den frå starten av, og ikkje kjenner like godt til kva retningslinjer han og eks-kona hans har for barneoppsedinga, har det blitt litt krevjande for han, som far. Han og eks-kona var veldig samkjørte når det gjeld barneoppsedinga, og kjærasten hans har eit litt anna syn på barneoppseding. Å køyre dette saman til ei retning, har blitt litt krevjande for han, som far. Det er ikkje nødvendigvis barnet som blir påverka av dette, men heller han. Han får ei rolle der han må korrigere og rettleie kjærasten i barneoppsedinga, og ho får ei rolle der ho må tilpasse seg. Han kjenner ikkje like godt til kva form for oppseding kjærasten hans vil gje, medan han er veldig sikker på korleis mor til barnet er som oppsedar. Han må på eit vis korrigere kjærasten inn på den vegen han går i barneoppsedinga. Han ønskjer at det ikkje skal vere så stor skilnad i korleis barneoppsedinga er i barnet sine to heimar, og dermed er det viktig for han å sørge for at han held barneoppsedinga lik, og at kjærasten følgjer deira oppsedingsstil nokolunde. Den siste tida har det vore eit tema korleis han og kjærasten skal handtere det når barnet er litt trassig og vanskeleg:

Jan: Korleis handterer vi det? Og eg på ein måte har mine klare tankar i hovudet, men greier ikkje heilt å seie det til ein.. ekstern, for å seie det sånn. Eller ein som ikkje har vore med heile vegen. «Sånn ønskjer eg det. Sånn er eg vant med at vi gjer det. Sånn ville eg og mi eks-kone gjort det, vi var veldig samkjørt.» Det blir litt sånn feil å seie det òg, sant. Då trakkar du litt opp på.. Ja. [...] Men det går stort sett greitt. He-he. (Intervju nr. 3, s. 22).

Jan sine tankar rundt sitt farskap blir synleggjort gjennom korleis han fortel om hans komande sambuar. Det er barnet som set premissa, og det er viktig at farskapet kjem i forgrunnen. Jan ønskjer å samkjøre oppsedinga med ein ny partnar, og ønskjer å rettleie ho i korleis oppsedinga skal vere. Det kan vere litt vanskeleg, og kanskje sårt for kjærasten å ta del i dette på hans premissar, og han ønskjer å vise omsyn til henne også.

«Du kan aldri bli kaptein på laget»

Morten har nyleg vore i foreldrepermisjon med sitt 16 månadar gamle barn, der han har nytta eit gradert uttak av fedrekvota og har vore heime ein dag i veka. Det er ein skilnad mellom korleis han og sambuaren er som foreldre, og han trur at det alltid vil vere ein slik skilnad. Denne skilnaden kjem mellom anna som følgje av at sambuaren har vore heime med barnet størsteparten av tida. Sidan ho har vore med barnet så mykje, har ho fått høve til å bli godt kjent med barnet, tilpassa seg barnet, lage rutinar knytt til barneomsorga, og å organisere barnet sin kvardag. Då han skulle vere heime den eine dagen i veka, hadde han til dømes ikkje like god oversikt som mora til barnet over alt han måtte hugse på å ha med seg når han skulle ut med barnet. Mora har mykje erfaring knytt til omsorga for barnet, ho har prøvd seg fram og lært gjennom erfaringane sine, og har skapt rutinane rundt barnet og ho har dermed eit eigarforhold til desse rutinane. Denne skilnaden i kven som har mest erfaring med å vere heime med barnet har ein innverknad på korleis han ser si foreldrerolle samanlikna med mor:

Morten: Så eg trur det at mor får eit større eigarforhold til dei (rutinane), sidan ho har på ein måte skapt dei. Ho har prøvd seg fram og feila. Medan du kjem meir inn som.. Ja, eg trur eg skildra det ein gong som.. litt sånn som på eit sykkelteam, sant. Du kan aldri bli kaptein på laget, sant. I beste fall, så blir du ein hjelperyttar, som er med på å gjere turen lettare. Og ei kvar meining du har, kan fort bli trumfa med noko som kjem av lang erfaring, sant. Og den slags. Og.. Du får liksom ikkje gjort deg opp den meininga sjølv, sant. Sidan du då ikkje er der i starten, og når behova skapast og. Og ungen forandrar seg, og får nye behov. Du kjem meir inn og ser at «Å, ja. No er *det* behovet der, og sånn løysast det». Så kan du prøve å krangle på det, men du veit at det blir vanskeleg. (Intervju nr. 5, s. 13).

Han nyttar eit bilet på korleis han opplever si foreldrerolle samanlikna med mor si rolle, der mor blir skildra som kapteinen på eit sykkelteam, medan han i beste fall er ein hjelperyttar. Mor er den som har mest og lengst erfaring med oppsedinga og omsorga for barnet, og dette medfører at han føler at han ikkje kan ha ei like sterk rolle.

«Eg føler meg som den andre omsorgspersonen veldig lenge»

Kristian har to barn, i alderen eitt og tre år, saman med sambuaren sin. Han har vore heime i permisjon samanhengande over lengre periodar med begge barna sine, og har på den måten ein annan erfaring enn Morten når det gjeld det å vere heime med barn. I likskap med Morten, skildrar Kristian også korleis ein del ting knytt til barneoppseding og omsorg er mest mor sitt domene. Dette gjeld særskilt organiseringa heime.

Han er midt i permisjonsperioden med sitt yngste barn, og fortel om kva erfaringar han har når det gjeld dette barnet. Sidan mor mellom anna ammar barnet, synest Kristian det er naturleg at ho er heime med barnet først. Sidan sambuaren har vore heime heile det første året, utan at han har vore heime samstundes, så har organiseringa av hushaldet, barneoppseding og omsorg vorte hennar domene. Det at dei har hatt ei så delt ordning, gjorde at det vart opplevd som litt framand for Kristian då det var hans tur å vere heime i foreldrepermisjon. Han følte at alt var hennar. Det er framleis ho som har best kontroll på enkelte ting i heimen, og han tenkjer dette kanskje er litt unaturleg. Han synest at mor har eit slags eigarskap til situasjonen, og særskilt organiseringa i heimen. Dette gjer at han veldig lenge føler seg som den andre omsorgspersonen.

Til motsetnad frå Jan, synest Kristian at han har kome inn i organiseringa rundt barneoppsedinga og omsorga etterkvart. Det at han er den som er heime er noko som normaliserer seg gradvis. Han blir kjent med dagsrytmen til barnet og organiseringa i heimen. Han føler ikkje lenger at det er unormalt at det er han som er heime. Samstundes har det at ho har vore heime lengst framleis ein innverknad. Det er ho som har best kontroll på enkelte ting knytt til heimen og barneomsorga. Han tenkjer at dei framleis har ei litt klassisk og tradisjonell kjønnsfordeling. Han er den som fiksar ting dersom det er noko som er øydelagt, og tek seg av oppussing, medan ho gjerne er den som tek seg meir av det kvardagslege hushaldet.

Kristian tenkjer at det er naturleg at det vil vere ei skeivfordeling når det gjeld rollene til mor og far i byrjinga. Han og sambuaren har eit likestillingsideal, og ønskjer å ha så likestilte foreldreroller som mogleg. Han har erfart at det blir nokre skilnadar mellom mor

og far når det gjeld det konkrete. Dette er noko han merker no når barna er små, men som kanskje vil ha mindre betydning etterkvart. Han tenkjer at det er ideelt at mor kan vere mykje til stades for barnet det første året, og dei har prioritert på denne måten. Sjølv om dei ønskjer å ha så likestilte roller som mogleg, så har likevel det biologiske utgangspunkt ein del å seie, ifølgje informanten, særskilt i byrjinga. Han ser at i den meir praktiske kvardagen, at særleg til dømes amming er eit viktig band og ein relasjonsskapar. Dette er noko som dei har prioritert, og det har gjort at barna kanskje har hatt eit sterkare band til mor, enn til han, no i byrjinga. Han tenkjer at dette har gjort barna tryggare, og at det har gitt dei ein god start på livet.

«Eg stangar mot eit glastak»

Rune har eit tre år gammalt barn saman med sin tidlegare sambuar. Ho er mor til ein tenåring frå før av, og hadde dermed erfaring med barneoppseding. Han synest ho er veldig flink som omsorgsperson. Samstundes opplever han at det blir eit maktforhold, der ho er den som styrer og bestemmer oppsedinga i større grad enn kva han gjer. Rune tematiserer særskilt korleis det at barnet sine besteforeldre har stilt opp i stor grad, også kan vere problematisk. Han føler at dei til tider pressar seg på, og at hans farsrolle og hans bidrag i oppsedinga ikkje alltid blir hørt. Han er oppteken av å sette seg inn i ting som handlar om barneomsorg og oppseding, og synest at han ikkje alltid får moglegheit til å bestemme like mykje:

Rune: Men så oppfatta eg liksom at eg stanga mot ein sånn.. mot eit glastak. Eit glastak. Så liksom, du kjem hit, men ikkje lenger, liksom. Men, ja. Litt sånn personleg nederlag for meg, fordi eg på ein måte har stått på den der konstruktivistiske sida, og så møter du på ein måte ein røyndom som ein ikkje klarar å overskride, på grunn av at.. På grunn av at det er tydeleg at.. vi er forskjellige, på ein måte. På ein veldig fundamental grunnleggjande måte. Særleg i forbindelse med graviditet, fødsel og den første omsorgsperioden. Ja. Men som sagt, i forhold til besteforeldre (meiner her svigermor), då. Særleg hennar besteforeldre, då, som bur ein annan stad.) Og du føler du set deg inn i ting, har

nyttige innspel, og så blir du på ein måte møtt med det, liksom. «Ja, ja. Dei skriv så mykje rart.» (Intervju nr. 6, s. 14).

Den tidlegare svigermora hans bidrog ein del i omsorga for barnet, noko som han syntest var fint. Samstundes opplevde han at ho kunne dominere han litt når det gjaldt hans foreldreskapspraksisar. Dette kunne til dømes dreie seg om at ho tok styringa over hans leggjerutine til barnet, slik at han opplevde at hans praksisar vart overkøyrt:

Rune: Men samstundes, så er det litt sånn her.. litt sånn her sårt og frustrerande, liksom, at dei kjem... Og tek styringa, på ein måte, når du prøver, og seier liksom.. «Ja, det kan vere greitt at.. Det er ikkje noko vits i å kome og ta ho... Altså, poenget er ikkje at ho må ligge der og gråte til ho sovnar, då. Men no seier eg at det er ikkje nødvendig å ta ho opp med ein gong, fordi at ho kan ligge litt, og så kan ho..», sant. Men liksom, så kjem svigermor. «Nei, ungar skal ikkje ligge å gråte.» Og så merkar eg liksom sånn.. No skulle eg ønske at eg eigentleg berre syntest det var noko fint, men så er det noko som eg synest er utruleg, utruleg.. Noko som eg oppfattar som veldig.. irriterande, og litt sånn nedlatande, på same tid.» (Intervju nr. 6, s. 15).

Han opplevde ei litt nedlatande haldning til hans omsorgspraksisar, og han ønskte at dei andre skulle forstå at han har noko nyttig å bidra med, som dei andre kunne ha nytte av å lære av også.

Rune: Ja, og eg blir litt sånn overraska av liksom styrken i det der matriarkatet, altså, som gjeld liksom. Også i forhold til [mor til barnet sitt barn], då. Då eg kom inn i familien, liksom. At det er liksom... Ja. Det er mykje som er skjult. Altså, det mykje som.. eg identifiserer som rein makt, då. Makt og styring, då. Men som ikkje finnast noko erkjenning av at det er det på den andre sida, då. Av svigermor, for å seie det sånn. Ho er berre, liksom, god. Så ho er heilt uproblematisert i forhold til si rolle, då.. » (Intervju nr. 6, s. 15-16).

Han følte at han ikkje alltid vart anerkjent som omsorgsperson av kvinnene i svigerfamilien. Dette er noko som påverka han. Samstundes som at han var takksam og

opplevde det som fint at svigermor brydde seg om barnet, og at ho var veldig interessert i å hjelpe til med barnet, så opplevde han det som litt sårt at andre familiemedlemmar kom inn og ville bestemme korleis enkelte ting skulle gjerast:

Rune: Men klart, du blir jo litt sånn her.. nærtakande. Liksom, det er ditt barn, på ein måte. Det er liksom ditt ansvar. Du som styrar, då, på ein måte. Då er det ikkje så kult, når andre kjem inn liksom, og bestemmer, sant. Så er det liksom vanskeleg å seie ifrå, og alt det der.. (Intervju nr. 6, s. 16).

Rune sine foreldre har også stilt opp. Dette har vore problematisk for han, då han synest at dei pressar seg på, og nærmast ikkje bryr seg om kva han seier når han prøver å gje beskjed om ting som han synest er viktige. Dei har sine eigne forestillingar om kva som er bra knytt til mellom anna religion og kosthald, som dei ønskjer å påverke barnet med. Han har innsett at han må godta dette, då det er vanskeleg å gjere noko med det.

Oppsummering

I dette kapittelet har eg tatt utgangspunkt i småbarnsfedrane sine forteljingar om og refleksjonar rundt det å vere far, for å undersøke kva uttrykk for kjønn og foreldreskap som kjem til syne i desse forteljingane. Eg har difor vore oppteken av å vise korleis småbarnsfedrane tenkjer at rolla til andre omsorgspersonar i barnet deira sitt liv har innverknad for deira eiga rolle som far.

For å kunne synleggjere korleis synleggjere korleis småbarnsfedrane forstår foreldrerolla deira samanlikna med andre omsorgspersonar i barnet deira sitt liv, har analysen tatt for seg fire ulike formar for situasjonar: Når far er skilt, og barnet må stilla seg til fleire omsorgspersonar, når far opplever at mor er den som har størst eigarforhold til rutinane til barnet, når far er i foreldrepermisjon etter at mor har vore heime med barnet i ei lengre periode, og når barnet sine besteforeldre også ønskjer å bestemme når det gjeld barneoppsedinga.

Mennene fortel ulike historier om det å vere far, der det kjem fram korleis dei forstår si foreldrerolle samanlikna med andre omsorgspersonar i barnet deira sitt liv. Medan Jan er

oppoken av å halde forholda i barnet sitt sine to heimar relativt like, og jobbar med å korrigere og rettleie kjærasten i barneoppsedinga, føler Morten seg som mor sin «hjelperyttar». Skiljet mellom deira erfaringar og situasjonar viser seg dermed i at Jan er den som lærar opp barneoppseding, medan Morten heller blir den som går i lære. Kristian fortel om korleis biologi spelar ei rolle for at mor har eit slags eigarskap til barneomsorginga, og organiseringa heime. Ein kan sjå nokre likskapar i Morten og Kristian sine situasjonar, då Kristian også føler seg som den andre omsorgspersonen, og at dei begge knyt dette opp til at mor er den som har tatt størst del av organiseringa av livet heime, frå eit tidleg stadium. Skiljet mellom Morten og Kristian sine erfaringar av sine fedreroller er likevel tydeleg, då Kristian har kome inn i organiseringa rundt barneoppsedinga og omsorga etterkvart, og at det starter å normalisere seg at han er den som er heime no. Morten fortel derimot at han truleg aldri vil bli kaptein på sykkellaget. Moglegvis er han heller i ein liknande situasjon som Jan sin nye sambuar. Rune erfarer at svigermor ikkje høyrer hans på den måten han ønskjer å bli høyrt, og føler at dei av og til overkøyrer han. Han «stangar mot eit glastak» i møte med svigermor, og dette gjer at han føler at han aldri blir forstått som forelder, på den måten han ønskjer.

Basert på empirien som har blitt presenter her viser det seg at kjønn har ulik innverknad på forståinga og praktiseringa av foreldreskapet. Enkelte fedrar forstår seg sjølve som sekundære omsorgspersonar etter mor. Andre opplever å bli tolka på denne måten i møte med svigermor. Det kjem likevel fram ønskjer om å ta større del i barneomsorga frå desse mennene, slik at desse rollene moglegvis vil vere bevegelege. Andre fedrar ser seg sjølve som den som rettleiar og lærer opp andre i barneoppseding, og skil seg i praksis frå dei som forstår seg sjølve som sekundære omsorgspersonar.

Kapittel 6: Avslutning

I dette avsluttande kapittelet vil eg presentere funna i oppgåva og sjå dei opp mot hovudproblemstillinga: Korleis oppfattar heteroseksuelle fedrar sitt farskap? Korleis stiller dei seg til fedrekvota og annan foreldrepermisjon, og kva faktorar legg føringar for om, korleis og kor lenge dei vel å bruke den? Eg vil gjere dette ved å drøfte funna opp mot dei tre kapittelproblemstillingane. Eg vil også kome med forslag til vidare forsking.

Oppsummering

Den første kapittelproblemstillinga var: Kva oppfatningar av farskap kjem fram i mennene sine forteljingar om å bli far? Eg tok for meg kva tankar småbarnsfedrane har knytt til tre stadium som omhandlar det å bli far: førebuinga til å bli far, opplevinga av denne overgangen og korleis dei reflekterer over eventuelle endringar som har kome med rolla som far.

Kapittelet viste at både førebuinga og dei ulke tilnærminga til denne førebuinga varierte. Forteljingane om fedrane sin førebuing viste at menn stillar seg til, og også tolkar seg sjølve som fedrar, ut i frå forventningar om korleis komande fedrar skal førebu seg på farskapet. Mellom eksisterte det ønskje om å delta i førebuinga ved knyte seg til barnet under svangerskapet, noko som kom til uttrykk gjennom å ta stilling til kven som hadde mest eigarskap til svangerskapet. Dei kroppslege skilnadane var her med på å skape eit skilje for i kor stor grad han følte han deltok i dette. Dette kapittelet konkluderer med at det å vere deltakande fedrar er ein del av farskapet.

Kapittelet viste vidare at fedrar opplever overgangen i å bli far som ei stor omstilling , og argumenterte for at dette inneber at menn er involvert i foreldreskapet, og det å bli far er noko som har stor innverknad i menn sine liv. Korleis fedrane reflekterte over den nye rolla viste at det å bli far er noko som har hatt innverknad på liva deira, der det kom fram at dette har ført til endringar både når det gjeld sjølve livet deira, i tillegg til korleis dei forstod seg sjølve som individ. Endringar i korleis ein prioriterer er ein sentral del av det

å bli far, og dette har også innverknad på kva sjølvforståing menn har etter å ha blitt fedrar.

Den andre kapittelproblemstillinga var: Kva har innverknad når det gjeld fedrar sin bruk av foreldrepermisjonen? På kva måte kan ein sjå fedrar sin bruk av foreldrepermisjonen i lys av ideal om farskap? Her vart fedrane sin permisjonsbruk presentert innanfor to kategoriær med utgangspunkt i kva som var mest tungvegande for korleis foreldrepermisjonen har blitt nytta. Gjennom dette vart det vist korleis fedrar sine ønskjer om å vere deltakande fedrar, og korleis yrkessituasjon til far eller partnaren kan ha innverknad på fedrane sin foreldrepermisjonsbruk. Vidare viste ei tolking av fedrane sin permisjonsbruk ut i frå analysekategoriane *familieorientert, jobborientert og likestillingsorientert foreldrepermisjonspraksis* korleis fleire faktorar har innverknad for permisjonsbruken.

Fleire av fedrane motiverer sin bruk av fedrekvota og foreldrepermisjonen ut frå ønskjer om å knytte relasjoner med barna. Andre fedrar har tatt val med omsyn til foreldrepermisjonen basert på partar sine ønskjer om å anten nytte større eller mindre del av den delbare foreldrepermisjonen. Yrkessituasjonen har samtidig med dette hatt innverknad for korleis dei har kunna ha nytta fedrekvota og forldrepermisjonen. Ikkje minst spelar økonomi ei rolle her, og fedrar må stilla seg til det eventuelle økonomiske kostnaden deira foreldrepermisjonsval medfører.

Ut frå dette kapittelet vil eg hevde at fedrane for det meste er positivt orientert mot sin foreldrepermisjonsbruk, der ein del fedrar ser på dette som ein måte å kunne knytte band med sine barn. Kapittelet viser at ein kan sjå fedrar sin bruk av foreldrepermisjonen i lys av eit ideal om å vere nærværende og deltakande fedrar. Ønsket om å vere deltakande og nærværende fedrar er farsideal som har hatt ein stor innverknad for korleis dei motiverer sin foreldrepermisjonsbruk. Det blir argumentert for at dette farsidealalet inngår under ein ny hegemonisk maskulinitetsform. Sett ved bruk av Connell (2005) sin maskulinitetsteori viser funna presentert i kapittelet at fedrane inngår i ei medverkande maskulinitetsform ved at dei understøttar posisjonen til den emosjonelt involverte faren.

Den siste kapittelproblemstillinga var: På kva måte har kjønn innverknad for korleis foreldreskap blir praktisert og forstått? Korleis forstår mennene si foreldrerolle samanlikna med andre omsorgspersonar i barnet deira sitt liv? I dette kapittelet undersøkte eg kva uttrykk for kjønn og foreldreskap som kom til syne i småbarnsfedrane sine forteljingar om og refleksjonar rundt det å vere far. Eg tok her for meg kva tankar småbarnsfedrane hadde når det gjalt korleis dei forstod foreldrerolla si samanlikna med andre omsorgspersonar i barnet sitt liv.

Her kom det syne at kjønn har ulik innverknad på forståinga og praktiseringa av foreldreskapet. Enkelte fedrar forstod seg sjølve som sekundære omsorgspersonar etter mor, medan andre opplevde å bli tolka på denne måten i møte med svigermor. Det kom likevel fram ønskjer om å ta større del i barneomsorga frå desse mennene, slik at desse rollene moglegvis kan vil vere bevegelege. Andre fedrar såg på seg sjølve som den som rettleia og lærte opp andre i barneoppseding, og skil seg i praksis frå dei som forstår seg sjølve som sekundære omsorgspersonar.

Litteraturliste

Aarseth, Helene (2013) De nye barneorienterte fedrene. I: Brandth, Berit & Kvande, Elin (red.) *Fedrekvoten og den farsvennlige velferdsstaten*. Oslo, Universitetsforlaget, s. 238-250.

Alver, Bente Gullveig & Øyen, Ørjan (1997) *Forskningsetikk i forskerhverdagen. Vurderinger og praksis*. Oslo, Tano Aschehoug.

Brandth, Berit & Kvande, Elin (2003) *Fleksible fedre*. Oslo, Universitetsforlaget.

Brandth, Berit & Kvande, Elin (2013a.) *Fedrekvoten og den farsvennlige velferdsstaten*. Oslo, Universitetsforlaget.

Brandth, Berit & Kvande, Elin (2013b) Innledning – Velferdsstatens fedrepolitikk. I: Brandth, Berit & Kvande, Elin (red.) *Fedrekvoten og den farsvennlige velferdsstaten*. Oslo, Universitetsforlaget, s. 13-28.

Connell, R. W (2005). *Masculinities*, 2. Utg. Cambridge, Polity Press.

Connell, R. W. & Messerschmidt, James W. (2005) Hegemonic Masculinity: Rethinking the Concept. *Gender and Society*. 19 (6), s. 829-859.

Forskningsetiske komiteer (udatert) *B. Hensyn til personer (5-19)*, Forskningsetiske komiteer. <http://www.etikkom.no/Forskningsetikk/Etiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/B-Hensyn-til-personer-5---19/> [Lest 01. april 2015].

Førde, Kristin Engh (2010) Når «vi» blir gravide. *Kilden Kjønnsforskning.no* [Internett], 30. Juni. Tilgjengeleg frå: <<http://kjonnfsforskning.no/nb/2010/06/nar-vi-blir-gravide>> [Lest 16. januar 2016].

Kitterød, Ragni Hege (2013) Mer familiearbeid og mindre jobb blant småbarnsfedre. I: Brandth, Berit & Kvande, Elin (red.) *Fedrekvoten og den farsvennlige velferdsstaten*. Oslo, Universitetsforlaget, s. 42-59.

Kvale, Steinar & Brinkmann, Svend (2010) *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.

Langeland, Fredrik (2008) Raewyn Connell. I: Mortensen, Ellen et al. (red.) *Kjønnsteori*. Oslo, Gyldendal Akademisk, s. 292-296.

Langtvedt, Nils Jørgen: "Personopplysninger" (Sist oppdatert: 04. april 2009). De nasjonale forskningsetiske komiteene. Tilgjengeleg fra: <http://www.etikkom.no/FBIB/Temaer/Personvern-og-ansvar-for-den-enkelte/Personopplysninger/>. [Lest 01.april 2015].

Lorentzen, Jørgen (2009) Forskning på menn og maskuliniteter. I: Lorentzen, Jørgen & Mühleisen, Wencke. (red.) *Kjønnsforskning – en grunnbok*. Oslo, Universitetsforlaget, s. 121-135.

Lorentzen, Jørgen (2012) *Fra farskapets historie i Norge 1850-2012*. Oslo, Universitetsforlaget.

Martinsson, Lena (1997) *Gemensamma liv. Om kön, kärlek och längtan*. Stockholm, Carlssons Bokförlag.

NAV (2016a) Foreldrepenge: Fedrene tar nå ut færre dager, i: NAV [Internett]. Tilgjengeleg fra: <<https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Statistikk/Familie+-+statistikk/Nyheter/foreldrepenge-fedrene-tar-nå-ut-færre-dager>> [Lest 20. februar 2016].

NAV (2016b) Fedrekvote (pappaperm), mødrekvote og fellesperiode, i: NAV [Internett]. Tilgjengeleg fra: <<https://www.nav.no/no/Person/Familie/Venter+du+barn/fedrekvote-pappaperm-mødrekvote-og-fellesperiode--347651#chapter-5>> [Lest 10. mai 2016]

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS. Personvernombudet for forskning (udatert) *Vanlige spørsmål* [Internett], Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS. Personvernombudet for forskning. Tilgjengeleg frå: <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/vanlige_sporsmal.html> [Lest 08. Oktober 2015].

Personopplysningsloven (2013) *Lov om behandling av personopplysninger*. Tilgjengeleg frå: <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-04-14-31> [Lest 01. april 2015].

Repstad, Pål. (1998) *Mellom nærbet og distanse: Kvalitative metoder i samfunnsfag*. Oslo, Universitetsforlaget.

Smeby, Kristine Warhuus (2013) Fedrekvoten – stykkevis og delt eller fullt og helt? I: Brandth, Berit & Kvande, Elin. (red.) *Fedrekvoten og den farsvennlige velferdsstaten*. Oslo, Universitetsforlaget, s. 150-164.

Syltevik, Liv Johanne (2000) *Differensierete familieliv. Familiepraksis i Norge på slutten av 1990-tallet*. Bergen, Senter for samfunnsforskning.

Appendiks 1: Informasjonsbrev

Masterstudent Silje Jeanette Nautvik Stavdal

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Universitetet i Bergen

Postboks 7800

5020 Bergen

Førespurnad om å bli informant i samband med masteroppgåva

«Fedrekvota, farskap og kjønnsidentitet»

Eg er masterstudent i kulturvitenskap ved Universitetet i Bergen. Masterprosjektet mitt har som føremål å få innblikk i korleis fedrar oppfattar sin kjønnsidentitet, og på kva måte dette kjem til uttrykk i deira syn på farskap. Ettersom fedrekvota er eit dagsaktuelt tema, vil eg også å sjå nærare på korleis fedrar stiller seg til fedrekvota, og kva som legg føringar for om, korleis og kor lenge dei vel å bruke den.

I samband med dette ønskjer eg å intervju småbarnsfedrar som er i heteroseksuelle parrelasjonar. Spørsmåla vil omhandle kva tankar informantane har rundt foreldreskapet og korleis dei føreheld seg til fedrekvota. Under intervjuet vil eg nytte bandopptakar. Opptaka vil bli sletta når masterprosjektet er ferdig, altså innan utgangen av 2015. Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt, og det er berre meg, rettleiaren min og eksaminator som vil ha tilgang til dette. Du vil bli anonymisert ved at det blir nytta fiktive eigennamn og bynamn. Det nedskrivne intervjuet vil bli tilsendt slik at du har høve til å lese gjennom og godkjenne det før eventuelle sitat blir tatt i bruk i masteroppgåva. Utskriftene av intervjuet vil bli arkivert i Etno-folkloristisk arkiv ved kulturvitenskap, Institutt for AHKR. Det er frivillig å delta i studien, og du kan trekkje ditt

samtykke fram til utskriftene av intervjuet er godkjent. Dersom du trekk deg, vil alle opplysninga om deg bli sletta. Dersom du ønskjer å delta eller har spørsmål angåande studien, kan du ringe meg på xx xx xx xx, eller sende ein e-post til (e-postadresse). Du kan òg kontakta min rettleiar Tove Ingebjørg Fjell (kontaktinformasjon) for nærmere informasjon. Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS.

Med venleg helsing

Silje Jeanette Nautvik Stavdal

Samtykkeerklæring:

Eg har mottatt informasjon om studien «Fedrekvota, farskap og kjønnsidentitet», og ønskjer å stille til intervju. Eg er klar over at intervjuet vil bli tatt opp på bandopptakar, skrive ut og at direkte sitat kan bli nytta i masteroppgåva.

Signatur Dato

Kontaktinformasjon (e-post/telefonnummer)

Appendiks 2: Intervjuguide

Generelt om informanten

- Sivilstatus.
- Tal på barn.
- Kva fase var du og sambuaren din i då de fekk born?
- Korleis er arbeidssituasjonen dykkar no? Er begge i full jobb?

Fedrekvota og den delbare foreldrepermisjonen

- Har du brukt fedrekvota, altså den individuelle delen av permisjonstida? Når var du i permisjon? Har du brukt fedrekvota på alle barna? Kvifor?
- Kor lenge var du i permisjon? Har du hatt lengre permisjon enn fedrekvota?
- Bruke du også den delbare foreldrepermisjonen? Korleis vart den fordelt? Kvifor? Kva var avgjerande for denne fordelinga?
- Føler du at du har same «rett» til å nytte den delbare permisjonen?
- Korleis brukte du permisjonstida?
- Var mor til barnet også heime samstundes? Korleis synes du det fungerte? Påverka det di tid med barnet? Korleis vart omsorgsoppgåver fordelt?
- Kvifor valte du å bruke foreldrepermisjonen (fedrekvota og den delbare foreldrepermisjonen) og vere heime med borna? Kva var avgjerande for valet? Var det noko som påverka valet, og kor lenge du var i permisjon?
- Hadde det økonomisk innverknad at du var i permisjon? Kor stor tyding hadde økonomien?
- Kor avgjerande var økonomi?
- Kva synes du om at fedrekvota er øyremerka og ikkje mogleg å overføre til mor? Har det hatt noko å seie for at du brukte den?
- Korleis tenkjer du om det å vere heime på permisjon? Opplever du det som ein «normal» ting å gjere? For deg og for andre fedrar?

- Kva tankar trur du andre (familie, venner, kollegaer) har om at du brukte/ikkje brukte fedrekvota? Korleis reagerte dei?
- I år vart fedrekvota redusert frå 14 til 10 veker. Kva tenker du om dette?
- Er det noko meir du vil leggje til?

Informanten sin eventuelle bruk av permisjonstida

- Kva gjorde du i permisjonstida? Kunne du ha skildra ein vanleg dag frå den tida?
- Deltok du i nokre organiserte aktivitetar med andre foreldre? Til dømes babysymjing, trillegruppe, songgruppe? Er det noko du gjorde?
- Kva syns du om det?
- Kva var mest utfordrande?
- Kva tenker du om tydinga av tida du var i permisjon? Var den til hjelp for å knytte band med/styrke forholdet til borna når dei var små?
- Har fedrekvota *fungert*? (Målsetjing: Å styrke relasjonen mellom far og barn, og å bidra til auka likestilling mellom mor og far i arbeidsliv og omsorgsarbeid). Kva tenker du om den? Og andre permisjonsrettar?
- Er det noko meir du vil leggje til?

Informanten sine tankar om farskap og morskap

- Korleis var overgangen då du vart far for første gong? Korleis førebudde du deg?
- Har det skjedd nokre endringar i oppfatninga av deg sjølv etter at du fekk born?
- Har du nokre rollemodellar for å vere far? Korleis tenker du at ein «god» far skal vere? Korleis tenkjer du ei «god» mor skal vere?
- Korleis ser du på di foreldrerolle i forhold til mor si foreldrerolle? Er det skilnadar i korleis det praktiserast? (Ulike utfyllande roller, etter personlegdom, eller noko anna?)
- Kva tenkjer du er viktig å bidra med som far? Er det ein forskjell på det å vere far og mor? I så fall kva?
- Føler du deg viktig som omsorgsperson?
- Er det noko meir du vil leggje til?

Praksisar/aktivitetar med borna

- Deltek du i nokre aktivitetar med barnet? Kva type aktivitetar? (Leik, bleieskift, trille barnevogn, osb.)
- Kva liker du å gjere saman med borna?
- Er det visse delar ved omsorga for borna som du ikkje ønskjer å gjere? Eller som du syns er ubehageleg? Når er det eventuelt ubehageleg? Dersom dette gjeld rundt andre menneske – rundt kven gjeld dette, og kvifor?
- Kva tenker du er ei «naturleg» fordeling med tanke på omsorgsoppgåver?
- Er det noko meir du vil leggje til?

Kvardagen heime / Fordeling av omsorgsoppgåver

- Kunne du ha skildra korleis ein vanleg dag er heime hos dykk, korleis omsorgsoppgåvene for barna blir fordelt? Kva tenkjer du om denne fordelinga? Slepp du til? Ønskjer du å gjere meir/mindre?
- Kva er mest utfordrande for deg?
- Når vart barna sendt i barnehage?
- Kva gjer de dersom borna er sjuke og må vere heime frå barnehagen? Kven er heime frå jobben? Kvifor?
- Korleis synes du fordelinga av omsorgsoppgåver for eit par med born burde vere? Kva tenkjer du om dykkar deling? Kunne du tenkt deg å bruke meir/mindre tid på borna?
- Er det noko meir du vil leggje til?

Appendiks 3: Følgjebrev

Informasjon om det nedskrivne intervjuet

Hei. Takk for intervjuet som eg fekk med deg.

Vedlagt følger ei utskrift av intervjuet som vart tatt opp på lydopptak den (dato). Eg har nedskrive intervjuet for at eg skal kunne bruke det i masterprosjektet mitt. Samtalen er skrive ut i eit munnleg språk, og attgjeve slik den var i sin heilheit. Dette inneber at latter, pausar og fyllord (til dømes: liksom, på ein måte, ikkje sant osv.) også er skrive ned.

Eit munnleg språk kan sjå noko merkeleg ut når det er nedskrive. Dersom eg bruker direkte sitat frå intervjuet i masteroppgåva, vil desse bli omskrive til eit meir skriftleg språk. Med det meiner eg at sitata vil vere meir grammatisk korrekte utan alle stopp, pausar, gjentakingar og fyllord.

Eg vil be deg om å lese gjennom intervjuet for å sjå korleis eg har avidentifisert (anonymisert) personar og stadar som du nemner i intervjuet. Dersom det er noko du ønskjer å leggje til eller korrigere, eller om du har spørsmål angåande masteroppgåva og intervjeta, er det fint om du tek kontakt med meg på telefon 95 86 97 93 eller e-post silje.stavdal@student.uib.no.

Med venleg helsing

Silje Jeanette Nautvik Stavdal

Godkjenning av det nedskrivne intervjuet

Eg har lest gjennom intervjuet, og godkjenner at den vedlagte intervjuteksta kan nyttast i samband med masteroppgåva «Fedrekvota, farskap og kjønnsidentitet». Eg er klar over at direkte sitat frå intervjuet kan bli nytta i masteroppgåva.

Signatur:.....

Dato:.....